



Herren syner seg for Abraham i Mamre, 1.Mos.18.1 flg. Bysantinsk ikon frå slutten av 15.årh.

## DEN STORE LOVSONGEN

Framlegg til ny Messebok<sup>1</sup> for prestegjeld, sokn og kyrkjelydar som vil halda fast på klassisk kristen tru og kristent liv.

AGENDE FOR FEIRING AV DEN HEILAGE MESSA FOR PREST, DIAKON, KANTOR OG ANDRE KYRKJELEG TILSETTE. OMFATTANDE VERSJON<sup>2</sup>.

"Å, du Guds apostelskare,  
hvilken kjær og salig stund  
da med sang du fikk besvare  
sang av Jesu egen munn,  
i et stort Halleluja  
prise Gud for frelse fra  
hint Egyptens tunge plager  
og for Kanaans frydedager."  
(Kingo, NoS 142, v.3)

Versjon 25. aug. 2006/1.desember 2012

<sup>1</sup>Kjelder:

Altarbok for Den norske kyrkja, 4. oppl. Andaktsboksskapet, 1920- Oslo 1966.

Gudstenestebok for Den norske kyrkja, I-II 1977-1992. Verbum, Oslo 1992.

Tillegg til Gudstenestebok for Den norske kyrkja, I-II/Forsokssakar, 1996- Verbum, Oslo 1996.

Gudstjeneste. Torbjørn Olsen, Glomfjord 1987.(Inkl.Illustrasjoner)

Gudstjeneste.Tilleggshefte. Torbjørn Olsen, Glomfjord 1987.

Kollektbøner. Bearbeidd av Svein Morland og Otto Odland etter bokmålsutgåve 1989, utgjeve med foreord av Foreningen for Bibel og bekjennelse 1993. Nokre redaksjonelle endringer 2005.

Til FBB si kollektbønutgåve er lagt bonene frå Altarbok for Den norske kyrkja, 4.oppl., s.61-63 og 71-80.

"Gran-messa". I ymse utgåver nyttा ved Kyrkjestemmer til Bone- og Arbeidsfellesskapen Kyrkjelag Fornying frå 1967-1993.

Messeordning for SKG(Samråd på Kirkens Grunn)-etter høyningsrunde 1998 og vegleikarkollegiets gjennomarbeiding 1998 og 1999, slik ho vart nyttा i SKG Region Oslo/Hamar og Vest(Bjørgvin og Stavanger)

Den hellige messe. Agende for Den nordisk-katolske kirke 1999-2005.

Den store lovsongen, Gudstenesteprosjekt Øygarden Prestegjeld 2004-.

<sup>2</sup> Enkel versjon med færre alternativer nyttा i Øygarden Prestegjeld finn ein på

<http://www.stellamaris.no/DSLvaug06.htm>

[http://www.stellamaris.no/DSL\\_fullversjon\\_310806.pdf](http://www.stellamaris.no/DSL_fullversjon_310806.pdf)

Kyrkjelydsversjon finn ein på

<http://www.stellamaris.no/DSLeukyfebo6.htm>

[http://www.stellamaris.no/DSL\\_utskrivne\\_ordning\\_desember\\_2012.pdf](http://www.stellamaris.no/DSL_utskrivne_ordning_desember_2012.pdf)

Versjon for born kjem på

<http://www.stellamaris.no/DSLeukyfeb14.htm><sup>2</sup>

Elles med heimel i:

Strategiplan for Bjørgvin BD 141204.

Strategiplan for Dnk, 1204.

Fleksibel bruk av Gudstenesteboken. Kirkerådet 080905.

"Invitasjon til å delta i gudstjenestereformen". Kirkerådet/Nemnd for gudstenesteliv 220905.



Landsbyprestar i Manger, Herdla og Øygarden prestegjeld feira messe her. Hjelme Gamle Kyrkje, Øygarden, 130 år i 2005.

”Syng ein ny song for Herren,  
lovsyng han frå heimsens endar,  
de som ferdast på havet,  
og alt som fyller det,  
de øyar og strender  
og de som bur der! Jes 42,10

Les gjerne først bakgrunnsartikkelen ”Den store lovsongen”: Om å vera i pakt med Kyrkja sin tradisjon.

Du finn han her: <http://www.stellamaris.no/trad.htm>

## ”Den store lovsongen”:

### Innhald

- 1 Generalrubrikkar, med ei liturgisk handbok.
- 2 Ordinarium: ”Den store lovsongen”:  
Agende for Den Heilage Messa for Prest og Kantor.  
*Liturgisk vegleiing med raud skrift*
- 3 Proprium: Evangelieord, Tekstar<sup>3</sup> og Kollektbøner
- 4 Liturgiske Songar<sup>4</sup>
- 5 ”Den store lovsongen”: Agende for Den Heilage Messa for kyrkjelyd.
- 6 Tillegg til Messeordninga, Andre Gudstenester, Kyrklelege Handlingar.

Generell løyve frå Verbum/Bibelselskapet til å sitera frå gjeldande Gudstenestebøker og Bibelomsetjinga på stellamaris.no er gjeve Soknepresten i Øygarden våren 2005.

### 1 Generalrubrikkar<sup>5</sup>

#### Generell rettleiing:

(X) markerer at kyrkjelyden kan stå, men dei som vil, kan sitja.

Messa kan feirast *ad orientem* (mot aust, vend mot altaret) eller *versus populum* (mot folket, vend mot kyrkjelyden).

For bruk av røykjelse,  
sjå <http://www.stellamaris.no/royk.htm>

<sup>3</sup> Kjem etterkvart.

<sup>4</sup> Kjem etterkvart.

<sup>5</sup> Her vil etterkvart utkast til meir detaljerte Generalrubrikkar ligge føre.  
DEN STORE LOVSONGEN.  
Omfattande versjon for prest og kantor.

### **Om dei som gjer teneste:**

**Celebrant** tyder hovudpresten i messa, den som leier gudstenestefeiringa ved altaret.

**Ad orientem** tyder feiring mot altaret. **Versus populum** tyder feiring "mot folket."

**Diakon** tyder her hovudpresten i messa sin assistent, normalt ein prest eller ein vigsla diakon.

**Con-celebrant** tyder ein prest som hovudpresten i messa set til å be ein del av eukaristibøna, i utvida meinung prestar i kommununion som strekkjer ut hendene mot/over gåvene under eukjaristibøna.

**Ministrant** tyder medhjelpar, t.d. eit barn eller ein ungdom som hovudpresten i messa set til å hjelpe til med oppgåver i gudstenesta

**Forsongar/Kantor** leier song, korsong og musikk. Kan presten ikkje syngja godt, skal han på aktuelle stader i messa overlate tenesta til ein diakon eller kantor, eventuelt heller seja orda fram.

**Tekstlesar(ar)** leser 1.og 2.lesing.(Frå GT og breva)

**Forbønsleiar** leier forbønene og hjelper til ved Tomasmesser og Forbønsgudstenester<sup>6</sup>.

**Kommunikant** tyder nattverdgjest

### **På altaret skal finnast:**

#### **Missale**

**Usyra brød og edel vin av druer** vert sett på altaret før messa tek til, eller brakt fram under offertoriet<sup>7</sup> frå

#### **Credens-, eller førebuingsbordet**

**Ciborium**(Brødøskja) til **Hostien**, til å oppbevare innvigd nattverdbrodd som ikkje vert nytta. I oldkyrkja bar diakonane dette ut i soknet til gamle og sjuke som ikkje kunne ta del i messa.

#### **Vinkanne**

**Patena(Disk,Fat)** til **Hostien**, det innvigde nattverdbrodet

Kalk(Staup)til innvigd vin

**Corporale** liten duk ein set kalk og disk på<sup>8</sup>:

**Purificatorium** Lite klede til å tørke av patena og kalk med under og etter kommunionen.

### **Sjå vidare i:**

#### **Gudstjeneste. 2 Liturgiske handbøker av Torbjørn Olsen<sup>9</sup>**

Utgjeve på nytt av sokneprest Svenn Martinsen etter løyve frå forfattaren på stellamaris.no 5.mars 2005  
Sjá

<http://www.stellamaris.no/to1.htm>

<http://www.stellamaris.no/to2.htm>

**Torbjørn Olsen** seier at han her "har gitt en bred omtale av de enkelte gudstjenester med mange bibelhenvisninger. Han har forsøkt å få frem meningen med de liturgiske strukturer og tekster", og held fram:

"Motet mellom Gud og menneskene slik det skjer i sakramentfeiringen og gudstjenestene for øvrig er et stort mysterium - en stor hemmelighet - og kan derfor virke uforståelig. Men til sine disipler sa Jesus: Dere er det gitt å kjenne himmelrikets hemmeligheter (Matt 13, 11). Må denne kjennskap gi iver etter å tjene Gud!"

### **2 Ordinarium:"Den store lovsongen":**

**Bruk høvet før messa tek til til å be om Herrens miskunn over kyrkjelyden, presten, dei kyrkjeleg tilsette og råda, dei med tillitsverv, friviljuge medarbeidarar, misjonærane, kyrkja, folket, dine og deg sjølv.**

### **Når du går inn i kyrkja kan du be slik:**

**Anten**

<sup>6</sup> Meir utførelig om å gjøre teneste, og plassering, følger etterkvart.

<sup>7</sup> Offertorium peiker på at vi i messa ber, fram lekamen vår til eit levande og heilagt offer som er til hugnad for Gud.(Rom.12,1)

<sup>8</sup> <http://www.newadvent.org/cathen/04386c.htm>

<sup>9</sup> Eg takkar Msgr. Torbjørn Olsen i den Romersk-Katolske Kyrkja for løyvet til å nytta bøkene hans, datert Glomfjord, 4. januar 1987, den høytidelige fest for Kristi Åpenbaring. Nokre illustrasjonar er også henta herifrå. Stoffet som er nyttja her vil seinare bli oversett til nynorsk. Frå utgåva på kyrkja.net frå 2005: Torbjørn Olsen var res.kap. i Meløy prestegjeld, Sør-Hålogaland bispedømme, Dnk, da han skrev de to heftene med titelen Gudstjeneste. Han konverterte til den Romersk-Katolske Kirke 15. august 1989. Han opplevde dette arbeidet nærmest som en "avskjedsgave" til Den norske kirke, og sier at stoffet kan brukes på nettet, eller til nyopptrykk. Dataene på forordene fra forfatteren skal alltid være med i nye utgaver siden arbeidet fra hans side ble til på et bestemt tidspunkt. Denne utgave tilrettelagt av soknepresten i Øygarden, 5.mars 2005. Torbjørn Olsen er no Monsignore i Den romersk-katolske kirke, og Generalvikar for Trondheim stift, se <http://www.katolsk.no/home/tolsen/>

Du som kjem inn her  
 gløym ikkje  
 at dette er Guds hus,  
 her er heilag stad.  
 Ver still  
 i vyrdnad for Gud  
 og for dei som høgtidar gudstenesta her.  
 Lytt med andakt til det frelsande Ordet  
 frå Jesus Kristus.  
 Vert sjølv ein levande stein  
 i Guds kyrkjå på jord.  
 Gå ikkje frå kyrkjå  
 før du har bede for deg sjølv  
 for dei som dyrker Gud her  
 og for dei som gjer teneste her  
 Gud signe  
 din inngang og  
 din utgang!

**PLAKAT FRÅ DØRA TIL KYRKJESKIPET, HJELME GAMLE KYRKJE**  
*Herren skal vara din utgang og din inngang  
 frå no og til evig tid.*  
 SAL.121,8

*Eller*

Kor elskelege dine bustader er,  
 Herre, Allhærs Gud!  
 Mi sjel lengta, ja brann av lengsle,  
 etter Herrens tempelgardar.  
 No jublar hjarta og kropp  
 mot den levande Gud.  
 Ja, fuglen har funne ein heim,  
 svala har fått seg eit reir,  
 der ho kan leggja sine ungar,  
 ved dine altar, Herre, Allhærs Gud,  
 min konge og min Gud.  
 Sæle er dei som bur i ditt hus,  
 dei skal alltid lova deg.

Sæle er dei som har sin styrke i deg,  
 dei som lengtar etter å fara opp til templet.

Når dei fer gjennom den turre dalen,  
 gjer dei han til ein kjeldevang;  
 haustregnet legg si signing over han.  
 Dei går frå kraft til kraft,  
 til dei stig fram for Gud på Sion.  
 Høyr mi bøn, Herre, Allhærs Gud,  
 lyd etter, du Jakobs Gud!

Gud, vårt skjold, vend augo hit,  
 og sjå på han som du har salva!  
 Ja, éin dag i dine tempelgardar  
 er betre enn tusen andre.  
 Å stå ved dørstokken til Guds hus  
 er betre enn å bu i telt med gudlause.  
 For Herren vår Gud er sol og skjold,  
 Herren gjev nåde og ære.  
 Den som er ærleg i si ferd,  
 nektar han ikkje noko godt.  
 Herre, Allhærs Gud,  
 sael er den som set si lit til deg.

**SALME 84**

*Eller*

**Fri Bøn**

Før messa tek til, skal det ringjast med kyrkjeklokken, sjå kap.6 Tillegg til Messeordninga, s.62 om bruk av desse. Presten vert kledd prestekleda i sakristiet, og alle som medverkar samlast til bøn her eller i våpenhuset, alt etter om det skal vere inntog. Om ønskeleg kan ein då be den gamle inngangsbøna:

*Anten*

**Herre! Eg er komen inn i dette heilage huset ditt  
og vil høyra det som du talar til meg,  
du Gud Fader, skaparen min,  
du Herre Jesus, Frelsaren min,  
du Heilage Ande, trøystaren min i liv og død.  
Herre! Lat no opp hjarta mitt med din Heilage Ande,  
så eg kan læra av ordet ditt å sørgra over syndene mine,  
og tru på Jesus i liv og død,  
og betra meg kvar dag i eit heilag liv.  
Høy og bønhøy meg ved Jesus Kristus! Amen.**

ALTARBOKA 1920

*Eller*

**Herre, vi takkar deg for at du har gjeve oss  
å ha ein heim i di kyrkje på jorda og etter din lovnad  
vil vera midt imellom oss når vi er samla i ditt navn.  
Hjelp oss i dag å høyra når du talar til oss.  
Lat ditt ord lysa for oss, så vi alltid takkar og lovar deg,  
tener og lyder deg.  
Høy vår bøn i Jesu namn. Amen.**

ALTARBOKA 1920,  
FAMILIEGUDSTENESTE 1949

*Eller*

**Fri Bøn**

## I INNLEIING AV MESSA

### **1. *Preludium og Salme-INTROITUS***

*gjerne med*

#### ***Inntog(X)***

Om det er dåp, går dåpsfølgjet til plassane sine, medan dei som gjer teneste går til altaret. Alle helsar altaret ved å bøya seg djupt. Evangelieboka vert lagt på altaret. Celebranten (og diakonen) kysser altaret. (Celebranten på midten, diakonen på sida.) Dersom røykjelse vert nytta, incenserer celebranten altaret. Deretter går han for altaret/til plassen sin og vert ståande, mens inntogsalen vert sungen til endes. På langfredag og bots-og bønedagen nyttar ein ikkje inntog, heller ikkje altaret, og alle dei neste ledd før preika fell bort, med unnatak av pkt.10. kor ein på langfredag les Lidingsoga og ein på bots-og bønedagen les teksta for dagen.

#### ***2. Inngangsord(X)***

Vendt mot kyrkjelyden, samstundes som han sjølv slår krossteiknet, seier celebranten

**Presten: I Namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande. ✕**

MATT.28.19.  
GUDSTENESTEBOKA 1977

**Kyrkjelyden:** Amen.

Celebranten kan så strekke ut hendene, og helsa kyrkjelyden:

*Anten*

**Kjære Kyrkjelyd! Nåde vere med dykk, og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.**

1.KOR.1.3 M.FL.  
GUDSTENESTEBOKA 1977

*Eller*

**P: Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den Heilage Andens samfunn vere med dykk alle!**

2.KOR.13.13

Han fører hendene saman. Celebranten, diakonen eller ein annan av dei som gjer teneste kan gje ei kort innføring i messa for dagen. Her kan også koma intimasjon ved t.d. ein gjest, og tenning av adventskrans i adventstida.

### **3. Syndsvedkjenning**

Vend mot kyrkjelyden, med samla hender, introduserer celebranten syndsvedkjenninga, t.d. med ein av dei følgjande formuleringane:

*Anten*

**P: Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.**

**ALTARBOKA 1920**

*Eller*

**P: Brør og systre, når vi har så stor ei sky av vitne ikring oss, så lat oss leggja av alt som tyngjer, og synda som har så lett for å hanga ved oss, og audmjuke oss og sanna våre synder.**

**HEBR.12,1**

*Eller*

**P: Lat oss ransake oss sjølve for Gud og sanna syndene våre, så vi verdig kan feire denne heilage handlinga.**

**SKG 1999**

*Eller*

**P: Lat oss audmjuke oss for Gud og sanna syndene våre.**

**SKG 1999**

Kort stille for sjølvransaking følger. Deretter seier alle fram syndsvedkjenninga, leia av celebranten, som kneler ved altaret, eller plassen sin, vend mot altaret. Kyrkjelyden kan knele, og om ein ønskjer: "slå seg for bringa".

**LUK.18,12**

*Anten I*

**K: Heilage Gud, Himmelske Far.**

**Sjå i nåde til meg, arme, syndige menneske,  
som har såra deg med tankar, ord og gjerningar  
og kjenner den vonde hug i hjarta mitt.  
For Jesu Kristi skuld, ha tol med meg.**

**Tilgjev meg alle mine synder,  
og gjev at eg må ottast og elskar einaste deg. Amen.**

**LUK.15,21.**

**ALTARBOKA 1920**

*Eller II*

**K: Herre, vår Gud, du kjenner oss og elskar oss alle.**

**Du veit at vi har gjort deg i mot.**

**Vi har gløymt deg og det du vil vi skal gjera.**

**Vi har tenkt meir på oss sjølve enn på andre.**

**Tilgjev oss, for Jesu skuld. Amen.**

**LUK.15,21.**

**FAMILIEGUDSTENESTA 1981**

*Eller III*

**K: Herre, vår Gud og Far, du har skapt oss til å vera dine born og til å leva etter din gode vilje. Vi vedkjennest at vi mange gonger har gløymt deg og det du vil at vi skal gjera. Vi bed deg: Tilgjev oss for Jesu Kristi skuld. Reinsa oss frå alt som er deg imot, og gjev oss å veksa i trua på deg. Lat oss fryda oss i di frelse og leva det nye livet som vi vert døypte til.**

**LUK.15,21.**

**EIGEN DÅPSGUDSTENESTE, 1983**

*Eller IV*

**K: Kjære Gud, Far i himmelen, lat meg få vera ditt barn,  
og tilgjev meg alt som eg har gjort deg imot,  
og hjelp meg å elskar deg og lyda deg, for Jesu skuld. Amen.**

**LUK.15,21.**

**ALTARBOKA 1920**

**FAMILIEGUDSTENESTA 1949**

*Eller V*

**K: Gud, vær meg syndar nådig.  
Eg har såra deg og svikta nesten min**

-med tankar og ord,  
med det eg har gjort,  
og med det eg har forsømt.  
**Tilgjev meg syndene mine for Jesu Kristi skuld.**  
**Skap i meg eit reint hjarta,**  
**Og gjev meg kraft til nytt liv ved din Heilage Ande.**

LUK.15,21.  
PREIKEGUDSTENESTE 1983

*Eller VI*

**K: Herre, heilage Gud. Ditt ord seier at eg er ein syndar, som er fortapt utan din nåde. Denne sanninga vert ofte uklar for meg eller gløymd. Herre, gjev meg vilje og mot til å la ordet ditt avsløra meg.**

**Du har skapt meg, og eg står til ansvar for deg med livet mitt. Din vilje skulle styra tankar og framferd hjå meg, men mine ynske trengjer oftast viljen din bort.**

**Du har sagt at eg skal elska mine medmenneske, men eg møter dei ofte med likesæle, kulde og kritikk. Du krev av meg at eg skal vera sann og open, men eg vik unna for oppgjeren. Likevel veit eg at einast når livet mitt ligg forsvarslaust ope for deg, kan eg ta imot di frelse. Herre, ta fra meg all lettvinne tryggleik. Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld. Gjev meg den heilage uro, som alltid på ny driv meg til deg, så eg kan leva i sann tryggleik og tillit. Amen.**

SKRIFTEMÅLSGUDSTENESTE 1983

*Eller VII*

**K: Heilage, miskunnsame Far. Eg arme menneske, som med menneskætta deler synd og skuld, sannar for deg, rettferdige Gud, at eg på mange måtar har gjort deg imot.**

**Eg har ikkje elska deg over alle ting, og ikkje nesten min som meg sjølv. Med tankar, ord og gjerningar har eg synda mot deg og dine heilage bod. Skulle du døma meg etter det eg har gjort hadde eg fortent å verta støytt bort fra deg.**

**Men no har du, kjære himmelske Far, lova at du i nåde vil ta imot alle som vender om til deg og i tillit til vår Frelsar Jesu Kristi verdskylt sokjer til di store miskunn etter livd.**

**Du vil tilgje dei alt dei har gjort deg imot, og vil aldri meir tilrekna dei syndene deira. Dette set eg mi lit til og bed om tilgjeving for all mi synd for Jesu Kristi skuld. Amen.**

SKRIFTEMÅLSGUDSTENESTE 1983

*Eller VIII*

**K: Kjære Herre Gud.**

**Eg har mange gonger såra deg  
med tankar, ord og gjerningar  
og er utan orsaking.**

**Men eg trur på din einborne Son, Jesus Kristus,  
som har lide døden for å frelsa meg,  
og eg bed deg for hans skuld:  
Tilgjev, ja, tilgjev meg alle mine synder.  
Gjev meg din Heilage Ande,  
så eg trur ordet om at syndene mine er tilgjevne,  
vender meg bort fra synda  
og let din heilage og gode vilje råda i livet mitt.  
Herre, miskunna deg over meg.  
Amen.**

SKRIFTEMÅLSGUDSTENESTE 1983

*Eller IX*

**P: Herre, du ransakar meg og kjenner meg.**

**K: Anten eg sit eller står, så veit du det,  
langt bortanfrå merkar du mine tankar.**

**P: Anten eg går eller ligg, så ser du det,  
du kjenner alle mine vegar.**

**K: Ja, før eg har eit ord på tunga,  
veit du det, Herre, fullt og heilt.**

**P: Du kringset meg på alle sider,  
du har lagt di hand på meg.**

**K: Det er for underfullt til å skjøna,  
det er så høgt at eg ikkje kan fatta det.**

P: Kvar skal eg fara frå din Ande,  
kvar skal eg røma frå ditt åsyn?  
K: Fer eg opp til himmelen, så er du der,  
og reier eg lege i dødsriket, så er du der òg.  
P: Tek eg morgenrodens venger på  
og slår meg ned der havet endar,  
K: så fører du meg jamvel der,  
di høgre hand, ho held meg fast.  
P: Og seier eg: «Lat mørkret løyna meg  
og ljoset ikring meg verta natt»,  
K: så er ikkje mørkret for mørkt for deg,  
og natta er ljos som dagen,  
ja, mørkret er som ljoset.  
P: Ranskak meg, Gud, og kjenn mitt hjarta,  
prøv meg og kjenn mine tankar!  
K: Sjå om eg er på den vonde vegen,  
og lei meg på ævevegen!

SALME 139,1-12.  
PREIKEGUDSTENESTE 1983

*Eller X*

K: Ver meg nådig, Gud, i din truskap,  
stryk ut mine brot i di store miskunn!

Gjer meg rein og fri for skuld,  
og reinsa meg for mi synd!

For mine brot kjenner eg,  
mi synd står alltid for meg.

Einast mot deg har eg synda,  
det som er vondt i dine augo, har eg gjort.

Så får du rett når du talar,  
og står der rein når du feller dom.  
Ja, med skuld kom eg til verda,  
med synd vart eg avla i mors liv.

Sjå, du har hug til sanning i inste hjarta,  
så lær meg visdom i hjartedjupet!  
Reinsa meg for synd med isop,  
vaska meg, så eg vert kvitare enn snø!

Lat meg kjenna fryd og glede,  
lat dei bein du knuste, jubla!  
Løyn ditt åsyn for mine synder,  
og stryk ut all mi skuld!

Gud, skap i meg eit reint hjarta,  
gjev meg ei ny og stødig ånd!  
Kasta meg ikkje bort frå ditt åsyn,  
ta ikkje frå meg din Heilage Ande!

Lat meg etter få fryda meg over di frelse,  
hald meg oppe med ei viljug ånd!

SALME 51,3-13, LUK.15,21.  
PRØVEORDNING FOR HØGMESSA 1969.  
SKRIFTEMÅLSGUDSTENESTE, 1983

Celebranten står vend mot kyrkjelyden, med utstrekte hender.

*Anten I*

P: Dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig,  
så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd.

1.JOH.1,9.

LITURGI FOR UNGDOMS-OG SKOLEGUDSTJENESTER, SALMER FOR UNGDOM 1968.

PRØVEORDNING FOR HØGMESSA 1969.

*Eller II*

**P:** Mine born, dette seier eg til dykk, så de ikkje skal synda.

Men om nokon syndar, har vi ein talsmann hjå Faderen,

Jesus Kristus, Den Rettferdige. Og han er ei soning for syndene våre,  
ja, ikkje berre for våre, men for alle i heile verda.

1.JOH.2,1

GUDSTENESTEBOKA 1977.

SKRIFTEMÅLSGUDSTENESTE

*Eller III*

**P:** Lat oss med tolmod fullføra det laupet som er lagt framfor oss, med augo feste på han  
som er trua sin opphavsmann og fullendar, Jesus. For å få den gleda som venta, tolte  
han krossen utan å bry seg om vanæra, og no har han sett seg på høgre sida av Guds  
kongsstol. Ja, tenk på han som heldt ut ein slik motstand frå syndarar, så de ikkje skal  
trøytna og verta motlause.

HEBR.12,2-3

*Eller IV*

**P:** Vår Frelsar Jesus Kristus seier: Det er ikkje dei friske som treng lækjar, men dei  
sjuke. Eg er ikkje komen for å kalla rettferdige, men syndarar.

MARK.2,17

GUDSTENESTEBOKA 1977.

SKRIFTEMÅLSGUDSTENESTE

*Eller V*

**P:** Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å verta Guds born, dei som trur på  
namnet hans.

JOH.1,12

PRØVEORDNING FOR HØGMESSA 1969

*Eller VI*

**P:** Men han vart såra for våre brot  
og sundbroten for våre synder.  
Straffa låg på han, så vi skulle ha fred,  
og ved hans sår har vi fått lækjedom.

JES.53,5

PRØVEORDNING FOR HØGMESSA 1969

I advents-og fastetida kan alment skriftemål koma i staden, sjå

<http://www.stellamaris.no/skrifte1.htm>

## 4.Bønerop-KYRIE

*Anten I*

**K:** Kyrie eleison. Gud Fader, miskunna oss.  
Kriste eleison. Herre Krist, miskunna oss.  
Kyrie eleison. Heilag Ande, miskunna oss.

MATT.9,27;15,22 LUK.17,13;18,38

TROND KVERNO.

GUDSTENESTEBOKA 1977. ADVENT, ALLMENN.

*Eller II*

**K:** Kyrie eleison.

**Kriste eleison  
Kyrie eleison.**

MATT.9,27;15,22 LUK.17,13;18,38  
SALMER 1997 154, UKRAINSK.

*Eller III*

**K: Herre Gud, Far i himmelen!**  
Ver nådig, miskunna oss!  
**Herre Jesus, verdens Frelsar!**  
Ver nådig, miskunna oss!  
**Herre Guds Ande, vår trøystar,**  
Ver nådig, miskunna oss!  
MATT.9,27;15,22 LUK.17,13;18,38  
ALTARBOKA 1920

*Eller IV*

**K: Kyrie, Kyrie, eleison**  
**Kriste, Kriste, eleison**  
**Kyrie, Kyrie, eleison**  
MATT.9,27;15,22 LUK.17,13;18,38  
SALMER 1997 155, TAIZÉ.

*Eller V*

D/P: Herre Jesus, du er vår fred.  
K: Kyrie eleison.  
D/P: Du fører saman det som var skilt.  
K: Kyrie eleison.  
D/P: Du gjev oss den glade bodskap.  
K: Kyrie eleison.  
D/P: Du gjev oss forlating for syndene.  
K: Kriste eleison.  
D/P: Du har vunne over døden.  
K: Kriste eleison.  
D/P: Du gjev oss nytt liv.  
K: Kriste eleison.  
D/P: Du som sit ved Faderens høgre,  
K: Kyrie eleison,  
D/P: Du skal koma attende i herlegdom.  
K: Kyrie eleison.  
D/P: Du samlar dine truande i Faderens rike.  
K: Kyrie eleison.

NOS 941


## 5. Lovsong-GLORIA OG LAUDAMUS

Gloria fell bort i fastetida.

P: Ære vere Gud i det høgste,  
LUK.2,14

*Anten I*

Med samla hender intonerer celebranten eller forsongaren Gloria:



*Eller II*



PRØVEORDNING FOR HØGMESSA 1969.

**K(Omkvede): Og fred på jorda hjå menneske som Gud har hugnad i.  
Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.**

LUK.2,14



GUDSTENESTEBOKA 1977.

*Anten I*

**Vi hyllar deg for din store herlegdom,  
Herre Gud, himmelske konge, allmektige Far.  
K(Omkvede):**

**Herre, Guds einborne Son, Jesus Kristus,  
Guds Lam som ber all verdsens synder,  
miskunna deg over oss,**

**du som sit ved Faderens høgre hand, høyr vår bøn.**

**K(Omkvede):**

**For einast du er heilag, einast du er Herre, einast du er Den Høgste,  
Jesus Kristus med Den Heilage Ande, i Faderens herlegdom.**

**Amen.**

ROLF KARLSEN.

GUDSTENESTEBOKA 1977

*Alle*

(Eller som NoS 942,  
ST.HILARIUS AV POITIERS)

*Eller II*

**K: Evige Gud, vi tilbed deg.  
Evige Skapar, vi opphøgjer deg.  
Evige Far, vi lovprisar deg.  
Heilag, Heilag, Heilag!**

**Amen, vår Skapar, Treeine Gud!  
Amen, vår Frelsar, Treeine Gud!  
Amen, vår Guds Ande, Treeine Gud!  
Heilag, Heilag, Heilag!**

SIGURD LUNDE.  
SALMER 1997, 36, 1+4, OMSETT 2006.

*Eller III*

**Majestet, Konge i æve  
jord og hav og himmel**

**alt er skapt av deg  
Majestet, Konge i æve  
Du, ei borg til frelse,  
ein sikker skjulestad**

**Vi vil opphøgje deg, Kong Jesus  
Kwart eit kne skal bøya seg for deg  
Vi vil opphøgje deg, Kong Jesus  
Ingen er som deg!  
Nei, ingen er som deg!**

JAN HONNINGDAL,  
ETTER JACK HAYFORD, OMSETT 2006.

*Eller IV*

**K:Laudate, omnes gentes, laudate Dominum.  
Laudate, omnes gentes, laudate Dominum.**

**Syng lovsong, heile jorda, syng lovsong for vår Gud.  
Syng lovsong, heile jorda, syng lovsong for vår Gud.**

SALME 117,  
TAIZÉ

*Eller V*

**K: Vi lovar, prisar, tilbed deg,  
vi gjev deg takk og ære.  
Med evig truskap herskar du,  
ditt namn velsigna vere!  
Ja, utan grenser er di makt,  
og alt må skje som du har sagt,  
du allmakts Gud og Fader.**

**Å Jesus Krist, Guds eigen Son,  
som herskar med din Fader,  
forsonar, ver vår hjelp og von  
og trøyst mot alt som skader.  
Gjev oss din nåde, du Guds Lam,  
som bar all verdens synd og skam,  
du Herre, høg og heilag.**

**Du Heilag Ande, største skatt,  
du kan oss evig trøyste  
og verne dei mot Satans vald  
som Jesus Krist forløyste.  
I naud og fare styrk vår von  
ved trua på Guds eigen Son,  
og gjer oss sæle! Amen.**

ALTARBOKA 1920.  
NICOLAUS DECIUS/MB LANDSTAD/ARVE BRUNVOLL  
NoS 264,2-4

*Eller VI*

**K: Åre vere deg, vår Gud, Halleluja,  
Lova vere deg, Guds Son, Halleluja.**

SONGAR FOR DEI SMÅ 11, REFR.  
BARNESONGBOKA 109, REFR.

*Eller VII*

**K: Måne og sol, vindar og hav  
og blomar og born skapte vår Gud.  
Himmel og jord, allting er hans,  
Herren vår Gud vil vi takka.**

*Omkvede*  
**Herre, vi takkar deg,  
Herre, vi prisar deg,**

## **Herre, vi lovdyrger ditt heilage namn!**

**Jesus, Guds Son, død på ein kross  
for alle, for oss, lever i dag.  
Ja, han er her, ja, han er her.  
Herren vår Gud vil vi takka.**

*Omkvede*

**Anden, vår trøyst, levande, varm  
og heilag og sterke, talar om Gud,  
leier oss fram dag etter dag.  
Herren vår Gud vil vi takka.**

*Omkvede*

NOS 943

*Eller VIII*

## **Annan lovdyrge.**

Teksta skal vera godkjend av tenestegjerande prest og kantor.

*Eller IX*

## **Trishagion**

Kan nyttast i fastetida. Med samla hender introduserer celebranten eller forsongaren:

**Heilage Gud, sterke Gud, udøyeyelege Gud, miskunna oss.**

Her kan kor/kyrkjelyd halda fram:

**Måtte Jesu siger på krossen verna oss og dekkja oss.**

Hans kross er livstreet i det nye paradiset,  
og kjelda som sløkkjer all vår tørst.

- **Heilage Gud, sterke Gud, udøyeyelege Gud, miskunna oss.**

Ære vere deg, allmektige Fader.

Ære vere deg, Herre Jesus Kristus, som frelste oss.

Ære vere deg, Heilage Ande, som gjev oss liv.

Heilage Treeining, ære være deg.

- **Heilage Gud, sterke Gud, udøyeyelege Gud, miskunna oss.**

Guds Sønn, du har stige ned til jorda,

du er av guddommeleg ætt og vart fødd av Maria Møy,  
du kleddde deg i vårt kjøt og blod,

du som er førstegrøda av den nye skapning.

**Heilage Gud, sterke Gud, udøyeyelege Gud, miskunna oss.**

NKK, OMSETT 2005.

Her kan følgja dåp av born kor foreldra og fadrar har teke på seg forpliktinga til å oppsede barnet i kristen forsaking og tru. Her kan også døypast ungdom og vaksne som har motteke dåpsundervisning og har teke på seg forpliktinga til å leve i kristen forsaking og tru. I advents-og fastetida kan haldast dåpspåminning. Sjå <http://www.skg.no/doplit.htm> for ordning av dåphandlinga.


## **ORDET SIN LITURGI**

### **6. Kollektbøn**

Ved familiemesse kan ledd 6.(etter Salutatio)-9. falle bort. Celebranten strekker ut hendene og helsar kyrkjelyden:

**D/P: Herren vere med dykk. SALUTATIO**

JOH.20,19 1.KOR.16,23



PRØVEORDNING FOR HØGMESSA 1969.


Celebranten fører hendene saman, og bøyer hovudet mens

**K kan svara:**

**Og med di ånd.**

ALTARBOKA 1920


Med samla hender seier han:  
**P: Lat oss alle beda.**



GUDSTENESTEBOKA 1977

Saman med celebranten bed alle ei kort stund i stille. Deretter bed celebranten kollektbøna for dagen med løfta  
hender, sjå s.34, flg. Mot slutten av bøna fører han hendene saman.

**K: Amen.**



## 7. Lesing frå Det Gamle Testamentet-Lektie


Tekstlesaren går til lesepulten og les den første lesinga. Kyrkjelyden kan sitja. Lesinga sluttar med:

.....Slik lyder Herrens ord.

**K kan svara: Gud vere lova.**

Ei kort stille kan følge etter lesinga før Graduale tar til.

## 8. Hovudsalme-Graduale/Bibelsk Salme



## 9. Lesing frå breva i Det Nye Testamentet-Epistel

Tekstlesaren går til lesepulten og les den andre lesinga. Kyrkjelyden kan sitja. Om ein står, bør P seja: Vi blir ståande.  
Lesinga sluttar med:

.....Slik lyder Herrens ord.

**K kan svara: Gud vere lova.**

Ei kort stille kan følge etter lesinga før Salme før preika/Halleluja tek til. Her kan følgja korsong,. Så følger

## 10. Lovsong for Det Heilage Evangeliet Evangelielesing(X)

**D/P: Lat oss høyra det heilage evangeliet!**

Alle reiser seg.

Evangelieprosesjon, enkel eller omfattande form kan nyttast. Dersom røykjelse òg vert nyttta, vert celebranten  
sitjande til han har lagt røykjelse i karet. Om diakon er med, boyer han seg for celebranten, og bed med låg røyst om  
at han velsignar han.

**D: Herre, velsign meg.**

**D: Amen.**

Med låg røyst velsignar celebranten diakonen:

**P: Herren vere i ditt hjarte og på dine lipper,  
så du verdig og rett kan forkynne hans evangelium:  
I Namnet åt Faderen og Sonen ✕ og Den Heilage Ande.**

Dersom messa vert feira utan diakon, les celebranten eller predikanten evangeliet. Han kan då bøya seg mot altaret og be stille:

**Allmektige Gud, reins mitt hjarte og mine lipper,  
Så eg verdig og rett kan forkynne ditt heilage evangelium.**

Ved omfattande form kan prosesjonen med evangelieboka ha med ministrantar med lys og røykjelse. Uansett hentar diakonen eller celebranten evangelieboka på altaret og går til lesepulten, prekestolen eller midtskipet, alt etter kor evangeliet skal lesast.

*Anten*

**Hallelujasalme/vers**

*Anten I*

**Halleluja!**

SERBISK. SALMER 1997 192

*Eller II*

**K: Vi prisar deg, Gud, for din kjærleik så stor; Du sende din Son til vår syndige  
jord.**

**Halleluja for Ordet! Halleluja! Amen! Halleluja di er Æra! Halleluja! Amen.**  
*SANGBOKA 129, v.1*

*Eller III*

**K: Halleluja for Han All verda syngje saman! Alt folk og tungemål; Halleluja og  
Amen! Eit høgt Halleluja For frelsa ut or fall! For riket det er Hans I tid og æva  
all.**

*NYNORSK SALMEBOK 711, v.2*

*Eller IV*

**K: Halleluja! Halleluja! Halleluja! Halleluja! Halleluja! Halleluja! Halleluja!**  
**Halleluja! (2x)**  
*ANDRAE CROUCH*

*Eller V*

**K: Den som tek imot Hans Ord, Halleluja,  
Vert Guds born på denne jord, Halleluja.**

*SONGAR FOR DEI SMÅ 11  
BARNESONGBOKA 109*


*Eller VI*

**Høgtidsverset, t.d i julehelga: "I dag er fødd vår Frelsar stor", i påskehelga: "Han  
er oppstaden, dyre Ord!" og i pinsehelga: "Du loge av Guds kjærleikseld".**  
*NOS 48, NOS 178, NOS 216*

Når evangelieboka er plassert der evangeliet skal lesast, helsar diakonen eller celebranten kyrkjelyden med samla  
hender:

**D/P: Herren vere med dykk.**

*JOH.20,19 1.KOR.16,23*



**PRØVEORDNING FOR HØGMESSA 1969.**

    Han bøyer hovudet mens  
**K kan svara: Og med di ånd.**  
*ALTARBOKA 1920*

Diakonen eller celebranten gjer det heilage krossteiknet på boksida og på sin eigen panne, munn og på bringa, idet  
han seier:

**D/P: Dette heilage evangeliet står skrive hjå evangelisten....**

Kyrkjelyden kan også teikna seg med krossteiknet på panna, munnen og bringa, og svara:

**K: ÅEre vere deg, Herre.**

Dersom røykjelse vert nytta, incenserer diakonen eller celebranten boka. Han les så evangeliet. Etter lesinga seier han:

**D/P: Slik lyder det heilage evangeliet.**

Kyrkjelyden svarar:

**K: Gud vere lova! Halleluja! Halleluja! Halleluja!**

EGIL HOVLAND. GUDSTENESTEBOKA 1977

*Eller*

**K: Gud vere lova for sin glade bodskap!**

ALTARBOKA 1920

*Eller*

**K: Lova vere du, Kristus.**

*Eller*

**K: Herre, skriv dine ord i våre hjarto!**

5.MOS.6,9

ASLE DINGSTAD

*Eller*

**K: Heilage Far, Helga du oss i sanninga, ditt ord er sanning!**

JOH.17,17

Diakonen eller celebranten kysser boka og seier stille:

**Måtte Evangelieordet utsletta syndene våre!**

Ved omfattande form kan Evangelieboka berast høgtidleg attende til altaret.

Ved enkel form kan ho leggjast på lageleg plass, og berast høgtidleg attende til altaret etter at preika er over.

Predikanten innleier preika med bøn.

Ved familiemesse er preika kort, og kan haldast over ei annan tekst enn den som er sett opp for dagen, om dette synest best. Ein kan då nytta eit av Evangelieorda i Tilleggs-delen.

Skal preika ha form som samtale med born, står predikanten ved lesepulten.

Celebrant, diakon eller ein annen som gjer teneste sluttar med ein kort tale og bøn.

Skal det ved Høgmesse vere søndagsskule eller særskilt undervisning for born, samlar ein borna i koret før preika tek til, syng nokre bornesongar før larar(ar) og born går til sakristiet eller annan lageleg stad for samling om teksta som er lese.

På bøts-og bønedagen bed predikanten frå preikestolen bededagsbøna, sjå s.60

Presten avsluttar preika med det vesle Gloria: Til ÅEre for Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, som var, er og vera skal, EIN sann Gud, frå æve til æve!

*Eller*

i fastetida

**Bønesalme før preika**

*Eller II*

i fastetida

**Ei sungen bibeltekst TRACTUS**

Når evangelieboka er plassert der evangeliet skal lesast, helsar diakonen eller celebranten kyrkjelyden med samla hender:

**D/P: Herren vere med dykk. SALUTATIO**

JOH.20,19 1.KOR.16,23

Han bøyer hovudet mens

**K kan svara: Og med di ånd.**

Diakonen eller celebranten gjer det heilage krossteiknet på boksida og på sin eigen panne, munn og på bringa, idet han seier:

**D/P: Dette heilage evangeliet står skrive hjå evangelisten....**

Kyrkjelyden kan også teikna seg med krossteiknet på panna, munnen og bringa, og svara:

**K: Åre vere deg, Herre.**

Dersom røykjelse vert nytta, incenserer diakonen eller celebranten boka. Han les så evangeliet. Etter lesinga seier han:

**D/P: Slik lyder det heilage evangeliet.**

Predikanten innleier preika med bøn.

**K** kan svara:

*Anten*

**K: Herre, skriv dine ord i våre hjarto!**

*5.MOS.6,9*

**ASLE DINGSTAD**

*Eller*

**K: Heilage Far, Helga du oss i sanninga, ditt ord er sanning!**

*JOH.17,17*

## **Preike**

Event. 1-2 barnesongar før preika tek til.

## **Ved Nattverdformaning**

kan denne teksta nyttast:

**P: Kjæraste Kristi vener.**

Vi er samla i vår Herre Jesu Kristi namn og vil også seinare i gudstenesta halda nattverd med han og med kvarandre. Guds ord minner oss då om at vi skal prøva oss sjølve og leggja oss på sinne kva Herren gjev oss når vi kjem til hans bord. Lat oss då høyra kva vår Frelsar sjølv seier om gåvene sine, så vi kan ta rett imot dei: "Dette er min lekam, som vert gjeven for dykk," og: "Denne kalken er den nye pakt i mitt blod, som vert utrent for dykk til forlating for syndene."

Av desse orda veit vi at Jesus Kristus er fullt og heilt til stades med sin lekam og sitt blod i brødet og vinen, slik som orda lyder. Så vil vi i tru og tillit ta imot han i brødet og vinen, til forlating for syndene, liv og sæle.

ETTER NATTVERDFORMANING,  
HØYMESSE 1889/PAULUSLITURGIEN 1983

## **11. Truvedkjennings-CREDO(X)**

Etter preika går celebranten til altaret eller plassen sin. Han kan la ei stille følge. Han snur seg mot kyrkjelyden eller reiser seg og introduserer Truvedkjennings med samla hender, dersom denne vert brukt. Truvedkjennings kan syngjast på alle søn-og helgedagar, leia av celebrant eller annan forsongar. Alle kan bøye seg ved inkarnasjonsorda "...avl av Den Heilage Ande, fødd av Maria møy..." / "...og ved den Heilage Ande og av Jomfru Maria vart han menneske av kjøt og blod..." Den Apostoliske truvedkjennings(Apostolicum) (NoS 944)på vanlege dagar, og Den nikenske truvedkjennings(Symbolum Nicaeno-Constantinopolitanum) (NoS 945)på høgtidsdagar. Nicaenum kan syngast/lesast utan filioque ved økumeniske gudstenester. Når det er dåp, kan ein i staden synge ein truvedkjennings-salme. Det same gjeld også når det er gudsteneste med mange små born, eks. NOS 878.

**D/P: Lat oss vedkjennast vår heilage tru.**

*Anten*

**K:Eg trur på Gud Fader, den allmektige,  
som skapte himmel og jord.**

**Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre,  
som vart avla ved Den Heilage Ande,**

**fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus,**

**vart krossfest, døydde og vart gravlagd,**

**for ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen,**

**for opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud,**

**den allmektige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.**

**Eg trur på Den Heilage Ande, ei heilag, allmenn (KATOLSK) Kyrkje,  
eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene,  
oppstoda av lekamen og evig liv. Amen.**

NOS 944

*Eller*

**K:Vi trur på éin Gud, den allmektige Far,  
som har skapt himmel og jord, alt synleg og usynleg.**

**Vi trur på éin Herre, Jesus Kristus, Guds einborne Son,  
fødd av Faderen før alle tider,  
Gud av Gud, ljos av ljos, sann Gud av sann Gud,  
fødd, ikkje skapt, av same vesen som Faderen.  
Ved han er alt skapt.**

**For oss menneske og til vår frelse steig han ned frå himmelen,  
og ved Den Heilage Ande og av Maria møy  
vart han menneske av kjøt og blod.**

**Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus,  
leid og vart gravlagd,  
stod opp tredje dagen etter Skriftene  
og fór opp til himmelen,  
sit ved høgre handa åt Faderen,  
skal koma att i herlegdom for å døma levande og døde,  
og hans rike skal vera utan ende.  
Vi trur på Den Heilage Ande,  
som er Herre og gjer levande,  
som går ut frå Faderen, som vert tilbeden og æra  
saman med Faderen og Sonen,  
og som har tala gjennom profetane.**

**Vi trur på éi heilag, allmenn (KATOLSK) og apostolisk Kyrkje.  
Vi vedkjennest éin dåp til forlating for syndene  
og ser fram til oppstoda av dei døde og eit liv i den komande verda.**

Amen.

NOS 945

Korte kunngjeringar kan følgja.

## **12. Kyrkja si forbøn,**

*gjerne som*

### ***ein litani/ei anna forbøn.***

Celebranten eller diakonen kan her halde ei kort innleiing til forbøn ved altarringen eller i benkene med handspålegging, bøn med salving, høve til personleg skriftemål, innlevering av bønesedler. Dette kjem då i staden for resten av punkt 12.


I fastetida vert alltid bede det gamle litaniet, NoS 951.

**Kyrkjelydssvar:**

*Anten I*

**Herre, høyр vår bøn!**

**Kyrkjelyden**



Her - re, høyр vår bøn.

**TROND KVERNO,  
GUDSTENESTEBOKA 1977. SALMAR 1997 160**

*Avslutning ved I, ikkje ved litani.*

**I Jesu Kristi Namn bed vi til deg, vår Far!**

**K: Herre, høyр våг bøn. Amen.**

**Kyrkjelyden**



*Eller II*

**K: Å Gud, høyр våг bøn, å Gud, høyр våг bøn!**

Når vi bed, gje oss svar!

**Å Gud, høyр våг bøn, å Gud høyр våг bøn!**

Kom og vér du oss nær.

TAIZÉ, SALMER 97 161

*Avslutning ved bruk av II, ikke ved litani.*

**I Jesu Kristi Namn bed vi til deg, våг Far!**

*Same kyrkjelydssvaret følger.*

*Eller III*

**K: Herre, miskunna oss!**

NoS 952

*Avslutning ved bruk av III, ikke ved litani.*

**I Jesu Kristi Namn bed vi til deg, våг Far!**

*Same kyrkjelydssvaret følger.*

Vend mot kyrkjelyden introduserer celebranten, med samla hender forbønene:

**P: Lat oss gå fram for Herrens åsyn med takk for Hans gode gåver, og bøn for kyrkja og verda.**

Frå lesepulten eller ein annan stad som er eigna, les diakonen eller forbønsleiaren(til vanleg tekstlesaren)forbønene.  
Ved feiring ad orientem bør forbønene lesast vendt mot altaret:

*Anten*

**Alternativ I**

*Del I*

**D/P: Evige, Barmhjertige Gud!**

Vi takkar deg for alle velgjerningane dine mot oss!

Du gjev dagleg brød, du gjev glede og gode dagar,  
du oppsedar oss for ditt rike med kross og trengsel.

Du har gjeve oss ditt heilage ord og dine heilage sakramenter,  
du har kalla oss til å ha ein heim i di kyrkje på jorda,  
og du har sett oss eit evig mål hjå deg!

Gud, vi takkar deg!  
(Kyrkjelydssvar.)

*Del II*

**D/P: No bed vi deg i våг Herre Jesu Namn:**

Sjå i nåде til di kristne kyrkja,  
vara henne og helga henne i di sanning.

Lat henne forkynna ditt ord klårt og reint  
og brukta dine sakramenter på rett vis.

Gjev henne trugne tenrarar,  
som både lærer vel og lever vel.

Driv arbeidsfolk ut til din haustvinne,  
og lat opp døra til tru for alle heidningar og for Israels folk.  
Tenk med miskunn på dei som står imot ditt ord,  
og gjev dei omvending til livet!

Gud, vi bed deg,  
(Kyrkjelydssvar.)

*Del III*

D/P: Gjev fred på jorda og fred i hjarto.  
**Gjev all styresmakt i verda vilje og visdom til å fremja rettferd og fred,  
 og lat samarbeidet mellom folka ha framgang.**  
**Hald di verjande hand over vårt kjære folk og fedreland,  
 og våre landsmenn på havet og i framande land.**  
 Vara og velsigna kongen og hans hus,  
 Stortinget, kongens råd, og alt vårt landsstyre!  
**Verna heimane våre, velsigna skulane og høgskulane våre, og leid borna og  
 ungdomen på dine vegar!**  
 Gud, vi bed deg,  
 (Kyrkjelydssvar.)

*Del IV*

D/P: Å Gud, ver du verja for alle foreldrelause, so som du har lova.  
 Gjev alle sjuke og sorgfulle lindring og trøyst,  
 hjelp i nåde dei som er i åndeleg strid og freistung,  
 og dei som dregst med døden.  
**Gjev oss evne til å hjelpa der livet vert truga, og vilje til å verna om  
 menenskeverdet frå livet byrjar og til det endar.**  
 Ver deira styrke som lid trengsel for Jesu namn skyld.  
**Verna ekteskapet sin heilagdom, gjer det fredsamt og lukkeleg,  
 gjev godt og lagleg ver,  
 rettvise og kristelege råd til alt vårt yrke!**  
 Gud, vi bed deg,  
 (Kyrkjelydssvar.)

*Del V*

D/P: Tak denne dyrt kjøpte kyrkjelyden din i di varetekt.  
**Hald all usømd borte frå oss, og sameina oss i din heilage kjærleik.**  
**Lat borna som vi døyper til ditt namn, veksa opp i otte og age for deg.**  
 Gjev konfirmantene våre hjarta til forsaking og tru.  
**Gjev nattverdgjestene dine fred og evig liv ved ditt bord!**  
 Gud, vi bed deg,  
 (Kyrkjelydssvar.)

Celebranten avsluttar Kyrkja si forbøn med løfta hender:

*Del VI*  
*Vanleg Avslutning*

P: Vi lovar og prisar ditt heilage namn, og takkar deg  
 for kvar ein kristen som i tro på deg og otte for deg  
 har gått bort frå dette livet og no er heime hjå deg.  
 Vi bed deg audmjukt:  
 Å Gud, ver miskunnsam mot alle menneske  
 etter din store kjærleik i Jesus Kristus, vår Herre.  
**Og når vår time kjem, lat oss då få døy sæle bort frå denne verda  
 og på den siste dagen stå opp til din herlegdom!**  
 I Jesu Kristi namn bed vi til deg, vår Gud og Far.

Mot slutten av bøna fører han hendene saman.

(Kyrkjelydssvar.)  
 ALTARBOKA 1920

*Eller*

*Alternativ II*

*Del I*

D/P: Evige, Barmhjertige Gud!  
 Vi takkar deg og prisar ditt heilage namn,  
 for du er god, og di miskunn varer til evig tid.  
 Du har skapt oss og held oss oppe,  
 du har forløyst oss og helgar oss,

**du gjev dagleg brød og sjela frelsa og sæle,  
du tek bort syndebøra vår og trøystar oss i all vår sorg,  
og gjev mykje meir enn vi skjønar å be om!  
Vi takkar deg, vår Gud og Far,  
(Kyrkjelydssvar.)**

*Del II*

**D/P: Herre Gud, vi er ringare enn all den miskunn og truskap  
som du har vist imot oss.**

**Vi har synda mot deg og vore ulydige mot dine bod,  
og har ikkje æra ditt namn i verda som vi skulle,  
men vi bed deg for vår Herre Jesu Kristi skuld:  
Forlat oss alle syndene våre,  
reins oss frå all urettferd  
og gjev oss din Heilage Ande,  
så vi kan ferdast i heilagdom for di åsyn,  
og strekkja oss etter det som er framanfor.  
Det bed vi deg om, vår Gud og Far,  
(Kyrkjelydssvar.)**

*Del III*

**D/P: Sjå, o Gud, i nåde til di kristne kyrkje,  
gjer henne sameint og sterkt,  
vara henne i di sanning.**

**Vekk opp dei sovande, før dei bortspreidde heim att,  
samla inn fullnaden av alle folkeslag og Israels rest.  
Gjev fred på jorda og fred i hjarto.**

**Gjev all styresmakt i verda vilje og visdom til å fremja rettferd og fred,  
og gjer henne til velsigning for folk.  
Ta vårt kjære fedreland i di nådige varetekta,  
og våre landsmenn alle stader, kongen og hans hus,  
Stortinget, kongens råd, og alle som har makt frå deg hjå oss!  
Det bed vi deg om, vår Gud og Far,  
(Kyrkjelydssvar.)**

*Del IV*

**D/P: Bu, O Gud, i alle heimar med din kjærleik og fred.  
Velsigna ekteskapet og lat det vera heilagt hjå oss;  
gjev ei kristen oppseding av born og unge.  
Gjev konfirmantane våre hjarta til forsaking og tru.  
Lat di velsigning koma rikeleg over grøda på marka,**

**over all ærleg næring, over alt gjævt åndsarbeid.**

**Metta alle fattige og sultne med dagleg brød, og gled alle glade gjevarar.  
Verna barnet i mors liv, skapt i ditt bilet, mot vald og skade.**

**Gje sjuke og sorgfulle lindring og trøyst,  
ver deira støtte som står åleine, og ver Du nær  
hjå dei som stirr med døden.**

**Å Herre, miskunna alle menneske!  
Det bed vi deg om, vår Gud og Far,  
(Kyrkjelydssvar.)**

Celebranten avsluttar Kyrkja si forbøn med løfta hender:

*Del V*

***Vanleg Avslutning***

**P: Vi lovar og prisar ditt heilage namn, og takkar deg  
for kvar ein kristen som i tro på deg og otte for deg  
har gått bort frå dette livet og no er heime hjå deg.**

**Vi bed deg audmjukt:  
Gjev oss med dei å leva i Herren og døy i Herren,**

**så vi og med dei kan nå fram til livsens oppstode.  
I Jesu Kristi namn bed vi til deg, vår Gud og Far.**

Mot slutten av bøna fører han hendene saman.

**(Kyrkjelydssvar.)**

**ALTARBOKA 1920**

*Eller*

**Alternativ III**

*Del I*

**D/P: Evige, Barmhjertige Gud!**

**Vi takkar deg for alle velgjerningane dine mot oss!**

**Du gjev dagleg brød, og sjela frelsa og sæla.**

**Du har gjeve oss ditt heilage ord og dine heilage sakramenter,  
du har kalla oss til å ha ein heim i di kyrkje på jorda,  
og du har sett oss eit evig mål hjå deg!**

**Gud, vi takkar deg!**

**(Kyrkjelydssvar.)**

*Del II*

**D/P: No bed vi deg i vår Herre Jesu Namn:**

**Sjå i nåde til di kristne kyrkja,  
vara henne og helga henne i di sanning.**

**Driv arbeidsfolk ut til din haustvinne,**

**og lat opp døra til tru for ditt utvalde folk og alle folkeslag.**

**Gjev fred på jorda og fred i hjarto. Vara og velsigna vårt folk og fedreland, våre  
landsmenn på havet og i framande land, vår Konge og hans hus,**

**Stortinget, kongens råd, og alt vårt landsstyre!**

**Gud, vi bed deg,**

**(Kyrkjelydssvar.)**

Celebranten avsluttar Kyrkja si forbøn med løfta hender:

*Del III*

**Vanleg Avslutning**

**P:Lat borna som vi døyper til ditt namn veksa opp i otte og age for deg.**

**Gjev konfirmantane våre hjarta til forsaking og tru.**

**Verna heimane våre, velsigna skulane og høgskulane våre,  
og leid ungdomen på dine vegar.**

**Gjev alle sjuke og sorgfulle lindring og trøyst.**

**Ver deira styrke som lid trengsel for Jesu namn skuld.**

**Å Gud, ver miskunnsam mot alle menneske**

**etter din store kjærleik i Jesus Kristus, vår Herre.**

**Og lat oss få døy sæle bort frå denne verda  
og på den siste dagen stå opp til din herlegdom!**

Celebranten avsluttar Kyrkja si forbøn med løfta hender:

**Vanleg Avslutning**

**I Jesu Kristi namn bed vi til deg, vår Gud og Far.**

Mot slutten av bøna fører han hendene saman.

**(Kyrkjelydssvar.)**

**ALTARBOKA 1920, FAMILIEGUDSTENESTE 1949**

*Eller*

**Alternativ IV**

*Del I*

**D/P: Evige, Barmhjertige Gud!**

**Vi takkar deg for alle velgjerningane dine mot oss!**

**Du gjev dagleg brød, og sjela frelsa og sæla.**

**Du har gjeve oss ditt heilage ord og dine heilage sakramenter,  
du har kalla oss til å ha ein heim i di kyrkje på jorda,  
og du har sett oss eit evig mål hjå deg!**

**Gud, vi takkar deg!**  
(Kyrkjelydssvar.)

*Del II*

**D/P: Stilt vil vi no leggja fram for deg det kvar og ein av oss har på hjarta...**

*Stilt for bøn*

**Vi bed deg for dei som lid og har det vondt.**  
Sjå du til dei og ver dei nær.  
Hjelp oss til å vise omsut,  
Og gje av det vi har til dei som treng.

**Vi bed deg for Kongen, Stortinget og Regjeringa, og for alle som har fått som oppgåve å styre.**

**Vi bed deg for misjonærane med tilknytning til Øygarden, og for kyrkje og folk i Øygarden.**

**Vi bed deg for barnehagar og skular.**  
Vi bed deg for heimane.  
**Vi bed om at vi må søkje deg i alle ting.**  
Ver du nær den einskilde.

Celebranten avsluttar Kyrkja si forbøn med løfta hender:

***Vanleg Avslutning***

**P: I Jesu Kristi namn bed vi til deg, vår Gud og Far.**

Mot slutten av bøna fører han hendene saman.  
(Kyrkjelydssvar. Amen)

LOKAL BØN NYTTA PÅ SKULEGUDSTENESTER I FJELL OG ØYGARDEN PRESTEGJELD

*Eller*

***Alternativ V***

*Del I*

**D/P: Evige, Barmhjertige Gud!**  
**Vi takkar deg for alle velgjerningane dine mot oss!**  
Du gjev dagleg brød, og sjela frelsa og sæla.  
**Du har gjeve oss ditt heilage ord og dine heilage sakramenter,**  
du har kalla oss til å ha ein heim i di kyrkje på jorda,  
og du har sett oss eit evig mål hjå deg!  
**Gud, vi takkar deg!**  
(Kyrkjelydssvar.)

*Del II*

**D/P: Vi bed deg for di kyrkje på jorda:**  
for kvar einskild kyrkjelyd,  
for misjonærar og forkynnurar,  
for alle som strid den gode striden i trua,  
[for ... (Aktuelle bøneemne kan nemnast.)]  
Hald dei fast i di sanning.  
**Gud, vi bed deg,**  
(Kyrkjelydssvar.)

*Del III*

**D/P: Vi bed for kyrkjelyden vår:**  
om di nådige hjelp mot Satans makt,  
om kraft og verknad av Ord og sakrament,  
om mot og vilje til å tena deg,  
[om ... (Aktuelle bøneemne kan nemnast.)]

**Kalla konfirmantane våre til eit liv i forsaking, tru og teneste.**  
Lei oss ved ditt ord.

**Gud, vi bed deg,**  
(Kyrkjelydssvar.)

*Del IV*

**D/P:** Vi bed for dei som lid:  
for dei sjuke og einsame,  
for dei heimlause,  
for flyktningar og krigsoffer,  
for dei som lid urett og er undertrykte,  
[for ...(Aktuelle bønneemne kan nemnast.)]  
Gjev dei di hjelp.  
**Gud, vi bed deg,**  
(Kyrkjelydssvar.)

*Del V*

**D/P:** Vi bed deg for verda:  
om fred og fridom for folk og nasjonar,  
om rettferd i samfunn, media og arbeidsliv,  
om di velsigning over vårt arbeid,  
[om ...(Aktuelle bønneemne kan nemnast.)]  
Gjev oss din fred.

Celebranten avsluttar Kyrkja si forbøn med løfta hender:  
**Vanleg Avslutning**

**P: I Jesu Kristi namn bed vi til deg, vår Gud og Far.**

Mot slutten av bøna fører han hendene saman.  
**(Kyrkjelydssvar. Amen)**

GUDSTENESTEBOKA 1977 PREIKEGUDSTENESTE, ALT. II

*Eller*

**Det gamle litaniet, Nos 951**

**1 K:** Kyrie eleison, Gud Fader, miskunna oss.  
Kriste eleison, Herre Krist, miskunna oss.  
Kyrie eleison, Heilag Ande, miskunna oss.

**2 D/P:** Gud, vår Far i himmelen,  
K: miskunna deg over oss.  
**P:** Herre Jesus, verdsens Frelsar,  
K: miskunna deg over oss.  
**D/P:** Heilag Ande, vår trøystar,  
K: miskunna deg over oss.

**3 D/P:** Frå alle synder,  
frå all villfaring,  
frå alt det som vondt er,  
K: fri oss, kjære Herre Gud.

**4 D/P:** Frå ein vond og brå død,  
frå krig og undertrykking,  
frå ulykker og øydelegging,  
K: fri oss, kjære Herre Gud.  
**P:** Frå den evige død,  
K: fri oss, kjære Herre Gud.

**5 D/P:** For Kristi heilage fødsel skuld,  
for hans kross og hans død,  
for hans sigerrike oppstode og himmelferd,  
i vår lukkelege tid, i vår sorg og vår naud,  
i vår siste time og på dommedag,

**K: hjelp oss, kjære Herre Gud.**

**6 D/P: Styr og lei di heilage kristne kyrkje,  
og lat henne sameinast i di sanning.**

**Gjev kyrkja tenarar som held fast på ditt ord.**

**Verna oss mot vrang lære og død tru.**

**K: Høyr oss, kjære Herre Gud.**

**D/P: Styrk kyrkjelyden vår med din Ande og di kraft.**

**Kalla dei villfarne heim att,  
og lat ditt ord ha framgang på jorda.**

**K: Høyr oss, kjære Herre Gud.**

**7 D/P: Gjev fred og samhald i alle land.**

**Verna vårt folk og vår konge.**

**Vara vår jord og velsigna vårt arbeid.**

**K: Høyr oss, kjære Herre Gud.**

**D/P: Hjelp alle som er i naud og fare.**

**Gjer vel mot dei som gjer vondt mot oss.**

**Miskunna deg over alle menneske.**

**K: Høyr oss, kjære Herre Gud.**

**D/P: Jesus Kristus, Guds Son.**

**K: Herre, ta imot vår bøn.**

**8 D/P: Å du Guds Lam, som bar all verdsens synder,**

**K: miskunna deg over oss.**

**D/P: Å du Guds Lam, som bar all verdsens synder,**

**K: miskunna deg over oss.**

**D/P: Å du Guds Lam, som bar all verdsens synder,**

**K: gjev oss din fred.**

**9 K: Å Herre, høyr vår bøn,**

**og lat vårt rop nå fram til deg.**

**Amen.**

*Eller*

## **Det gamalkyrkjelege Freds-litaniet NoS 952**

**D/P Vi bed om velsigning.**

**Velsigna vere ditt rike, Fader, Son og Heilag Ande, no og alltid og i all æva.**

**K Amen.**

**D/P Lat oss be i fred til Herren.**

**K Herre, miskunna oss.**

**D/P: Om fred frå det høge og frelse for vår sjel, lat oss be til Herren.**

**K Herre, miskunna oss.**

**D/P: Om fred i heile verda, om samhald i Guds heilage Kyrkje, og om einskap av  
alle, la oss be til Herren.**

**K Herre, miskunna oss.**

**D/P: For dette heilage huset og for dei som stig inn i det med tru, vørtnad og  
guds frykt, lat oss be til Herren.**

**K Herre, miskunna oss.**

**D/P: For heile Guds folk, for alle tenarane i kyrkja vår, for alle rette biskopar,  
prestar og diakonar, lat oss be til Herren.**

**K Herre, miskunna oss.**

**D/P: For kyrkjelydane i Øygarden, for folket på alle øyane våre, for Bergen by, og  
for alle land og stader, og for dei truande som bur der, lat oss be til Herren.**

**K Herre, miskunna oss.**

**D/P: Om tenleg ver, om rikeleg grøde på jorda og om fredelege tider, lat oss be til  
Herren.**

**K Herre, miskunna oss.**

**D/P:** For dei som ferdast til sjøs, på land og i lufta, for dei sjuke og for dei som lid, for fangar og deira frelse, lat oss be til Herren.

K Herre, miskunna oss.

**D/P:** At vi må verta fridde frå all trengsle, vreide, naud og fare, lat oss be til Herren.

K Herre, miskunna oss.

**D/P:** Hjelp oss, frels oss, miskunna oss og verna oss, Herre, i din nåde.

K Herre, miskunna oss.

LUK.18,35 FLG.

**D/P:** Lat oss som Guds mor Maria og dei heilage som var trugne heilt til døden, overgje oss sjølve og kvarandre og livet vårt til Gud Herren Jesus Kristus.

K Ja, til deg, vår Herre.

**D/P:** For sigeren, æra og makta tilhører deg, Fader, Son og Heilag Ande, no og alltid og i all æve.

K Amen, Amen, Amen!

*Eller*

### Det gamalkyrkjelege Freds-litaniet NoS 953

**D/P:** Vi bed om velsigning.

**Velsigna vere ditt rike, Fader, Son og Heilag Ande, no og alltid og i all æva.**

K Amen.

**D/P:** Lat oss be i fred til Herren.

K Kyrie Eleison.

**D/P:** Om fred frå det høge og frelse for vår sjel, lat oss be til Herren.

K Kyrie Eleison.

**D/P:** Om fred i heile verda, om samhald i Guds heilage Kyrkje, og om einskap av alle, la oss be til Herren.

K Kyrie Eleison.

**D/P:** For dette heilage huset og for dei som stig inn i det med tru, vørtnad og guds frykt, lat oss be til Herren.

K Kriste Eleison.

**D/P:** For heile Guds folk, for alle tenarane i kyrkja vår, for alle rette biskopar, prestar og diakonar, lat oss be til Herren.

K Kriste Eleison.

**D/P:** For kyrkjelydane i Øygarden, for folket på alle øyane våre, for Bergen by, og for alle land og stader, og for dei truande som bur der, lat oss be til Herren.

K Kriste Eleison.

**D/P:** Om tenleg ver, om rikeleg grøde på jorda og om fredelege tider, lat oss be til Herren.

K Kyrie Eleison.

**D/P:** For dei som ferdast til sjøs, på land og i lufta, for dei sjuke og for dei som lid, for fangar og deira frelse, lat oss be til Herren.

K Kyrie Eleison.

**D/P:** At vi må verta fridde frå all trengsle, vreide, naud og fare, lat oss be til Herren.

K Kyrie Eleison.

**D/P:** Hjelp oss, frels oss, miskunna oss og verna oss, Herre, i din nåde.

K Kyrie Eleison.

LUK.18,35 FLG.

**D/P:** Lat oss som Guds mor Maria og dei heilage som var trugne heilt til døden, overgje oss sjølve og kvarandre og livet vårt til Gud Herren Jesus Kristus.

K Ja, til deg, vår Herre.

**D/P:** For sigeren, æra og makta tilhører deg, Fader, Son og Heilag Ande, no og alltid og i all æve.

K Amen, Amen, Amen!

Ved avslutning i fastetida og på bots-og bønedagen avsluttar celebranten Kyrkja si forbøn med løfta hender:

*Avslutning i fastetida*

P: Vi takkar deg, Himmelske Far,  
for at du har gjeve oss din einborne Son,  
Jesus Kristus, så kvar den som trur på han,  
ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.  
Vi takkar deg, Jesus Kristus,  
for at du har bore alle våre synder på din heilage lekam  
og med ditt blod sletta ut alle våre misgjerningar.  
Vi takkar deg, du Heilage Ande,  
for at du har gjeve oss den tru i hjarto våre  
at vi ikkje at den krossfeste og oppstadne  
Jesus Kristus er vår einaste bering og frelse.  
Å Gud, gjev oss din nåde,  
så vi fullt og fast kan tru at alle våre synder  
er tilgjevne for Jesu Kristi liding og død skuld,  
og opplys oss så med din gode Heilage Ande  
at vi dagleg kan stå i mot synd og freistung,  
legge av alle synder ved krafta frå Jesu død,  
og alltid halda oss nær til Jesus,  
til dess vi får sjå han klårt i det evige liv!  
Det bed vi alle i vår Herre Jesu namn.

Mot slutten av bøna fører han hendene saman.

Amen.

ALTARBOKA 1920

*Avslutning på Bots-og Bønedagen*

P: Allmektige, evige Gud! Du har lova borna dine,  
at om syndene deira var røde som blod,  
så skal dei verta kvite som snø,  
og dersom dei vil lyda deg,  
så skal dei mettast med velsigning.  
Vi bed deg, nådige Far,  
send oss din Heilage Ande,  
så vi kan leggja av det onde og gjera det gode.  
Lat ikkje din rettferdige vreide kome over oss,  
men frels oss frå all nød og fåre,  
og gjev du at vi kan bruka dine gåver og velgjerningar  
til lov og ære for deg,  
vi bed ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre!

Mot slutten av bøna fører han hendene saman.

K: Amen.

ALTARBOKA 1920

*Alternative forbøner frå GUDSTENESTEBOKA 1977/1983-*

*Forbøn VI-XVIII*


*Finn ein her:*

<http://www.stellamaris.no/forb.htm>

*Det kan tennast lys i lysgloben. Her kan følge eit ekstra ledd med frie bøneemne. I fastetida følger Fastekollekten, sjå s.60. Det kan også haldast forbøn ved altarringen/ i benkane for sjuke eller andre med særskilt trøng. Salving av sjuke etter særleg avtale. Konkret forbøn kan også skje under nattverdmåltidet eller etter messa, om dette synest best.*

<http://www.stellamaris.no/salv.htm>

## NATTVERDSLITURGIEN



## **13. Offertorium med salme**

***Anten***

***Omfattande form***

***eller***

***enkel form kor ein går rett til Offertoriekollektens***

Forsongar kan stemma opp offertoriesalmen, som vert sunge mens ministrantane, eller celebranten, om dette er naudsynt, plasserer corporale, purificatorium, og kalken på altaret. Imens vert pengeofferet samla inn. Pengeofferet vert frambrøye, etterfølgd av brød og vin frå credensbordet. Celebranten tek imot gåvene framfor altaret, følgd av diakonen og ein eller fleire ministrantar. To eller fleire ministrantar ber pengeofferet til altaret, eller ein annan sikker stad. Brod i øskje og vin i kanna vert bore til altaret av diakonen og/eller ministrant(ane), men om naudsynt ber celebranten gåvene sjølv. Mens celebranten står ved midten av altaret, vert gjort ein pause i offertoriesalmen. Diakonen eller ein ministrant rekkjer han øskja med brødet, Han steller i stand brødet på disken, så mykje det er trong for. Celebranten held disken litt over altaret med begge hender og seier:

**P: Velsigna vere du, Herre, all skapnings Gud.**  
Av din rikdom har vi motteke  
det brødet vi ber fram for deg,  
ei frukt av jorda og av menneska sitt arbeid,  
som for oss vert livsens brød.  
**K: Velsigna vere Gud i all æve.**

Deretter set celebranten disken på corporalet. Diakonen, stående på den høgre siden av celebranten, heller vin og vatn (ca. 50/50) frå kanna i kalken, så mykje det er trøng for. Mens han gjer dette, kan han be stille:

**Lat oss ved vatnet og vinen sitt mysterium  
få del i guddommeleg natur hos Han  
som tok på seg menneskeleg natur.**

Dersom messa vert feira utan diakon, går celebranten litt til høgre og gjer det same, assistert av ein ministrant:  
Celebranten tek kalken med begge hender, held denne litt over altaret og seier:

**P: Velsigna vere du, Herre, all skapnings Gud.**  
**Av din rikdom har vi motteke den vinen vi ber fram for deg,**  
**ei frukt av vintreet og av menneska sitt arbeid,**  
**som for oss vert frelseskalken.**

**K: Velsigna vere Gud i all æve.**

Celebranten set kalken på corporalet, går sit skritt attende, bøyer seg, retter seg opp, og sier med utstrekte hender:

**P: Kom Heilag Ande og velsigne desse gåvene\***  
**som vi har gjort i stand på dette heilage alteret.**

Celebranten fører hendene saman.

Dersom røykjelse vert nytta, incenserer celebranten offergåvane og altaret. Deretter incenserer diakonen eller ein ministrant celebranten og kyrkjelyden. Kyrkjelyden reiser seg under incenseringa. Mens incenseringa går føre seg, kan gjerne offertoriesalmen syngjast ferdig. Dersom håndvask skal nytta, går celebranten nokre skritt til høgre og vaskar hendene sine ved hjørnet av altaret, assistert av ministrant(ane). Mens han gjer dette, bed han stille:

*Anten*

**Reinsa meg for synd med isop,  
vaska meg, så eg vert kvitare enn snø!**

SKG 1999

*Eller*

**Eg vaskar mine hender for Jesu Kristi skuld.  
Eg går rundt altaret ditt, Herre,  
mens eg lét takkesongen lyde og kunngjer alle dine  
undergierningar. Herre, eg elskar din bustad,  
den staden hvor din herlegdom bur.**

NKK

### **Offertoriekollekt**

Celebranten stiller seg midt foran altaret, og vend mot kyrkjelyden seier han med samla hender:

**P: Brør og systre, lat oss be om at Gud, den allmektige,  
må sjå i nåde til oss og gåvene våre.**

Etter ei kort stille bøn, bed celebranten med løfta hender vend mot altaret:

*Anten I*

**Herre Gud, himmelske Far,  
Di er jorda og det som fyller henne.  
Alt det vi eig hører deg til.  
Av ditt eige gjev vi deg attende.  
Ta imot oss og signa desse gåvane  
så dei kan verta til gagn for ditt rike  
og vår neste for Jesu Kristi skuld.**

KF 1979/GUDSTENESTEBOKA 1983

Celebranten fører hendene saman.

**K: Amen.**

*Eller II*

**P: Alle vender augo sine til deg, Herre,  
og du gjev dei deira føde i rette tid.**

**Du opnar di hand og mettar alt levande med hugnad.  
Herre Gud, Himmelske Far, signe oss og desse gåvene dine,  
som vi tek imot av di milde hand.**

**Ved Jesus Kristus, vår Herre.**

SAL. 145,15 FLG. SKG 1999

Celebranten fører hendene saman.

**K: Amen**

*Eller III*

**P: Verdig er du, vår Herre og Gud,  
til å få all pris og ære og makt;  
for du har skapt alle ting, og fordi du ville,  
vart dei til og vart skapte.**

**K: Amen.**

OP. 4,11; 5,9 SKG 1999

*Eller IV*

**P: Herre Gud, Himmelske Far,  
Du som opnar di hand og mettar alt som lever med hugnad,  
langt meir enn alt det vi bed om eller skjønar, vi bed deg:**

**Tak i nåde imot vår tilbeding, takk og kjærleik.**

**Vi ber fram oss sjølve, vår ånd, sjel og lekam  
som eit levande og heilag offer.**

**Audmjukt ber vi deg: Sjå ikkje på vår synd og skuld,  
men sjå på det reine og lytelause offeret din kjære Son har brukt,  
og tak imot oss i nåde.**


**Høyr våre bøner og lat oss bli forma etter biletet av Han,  
få del i guddommeleg natur,  
og vise lydnad mot det kall du har gjeve oss i tankar, ord og gjerningar.**

**Ved Jesus Kristus, vår Herre.**

ETTER ST.URSULA-LITURGIEN. ROM 12,1-2; 16,19 EF.3,20 1.PET 1,2 2.PET 1,4

*Sams avslutning*

**K: Til lov og ære for Hans Namn og til frelse for heile verda. Amen.**



## **14. Den store takkebøna-EUKARISTIbøn(X)**

*Anten ved feiring ad orientem*

**P: Evige, allmektige Gud, du held himmel og jord i dine hender, du nemner oss alle ved namn, så vi skal høyra deg til og vera ditt folk på jorda. Saman med dei truande gjennom alle tider og med den store himmelhæren vil vi prisa ditt heilage namn.**

GUDSTENESTEBOKA 1983

*Eller* ved feiring ad orientem

**P: Vi takkar deg, evige Gud, fordi du i Jesus Kristus møter oss med livsens ord og livsens brød. Saman med englane og din kyrkjelyd i himmelen og på jorda lovpriser vi ditt heilage namn.**

*Eller* ved feiring vers populum:

**P: Kjæraste Kristi vener! Lat oss koma i hug han som døydde for oss og stod opp for oss. Og lat oss takka og beda med kvarandre!**

ALTARBOKA 1920

Etter ein kort pause, strekkjer celebranten ut hendene og helsar kyrkjelyden:

**P: Herren vere med dykk. SALUTATIO**

Celebranten fører hendene saman, og bøyer hovudet mens kyrkjelyden svarar:

**K: Og med deg vere Herren.**

Celebranten opnar og løfter hendene like høgt som augo mens han seier:

**P: Lyft dykkar hjarto. SURSUM CORDA**

**K: Vi lyfter våre hjarto til Herren.**

Celebranten senkjer hendene til normal bønestilling og seier:

**P: La oss takka Herren vår Gud.**

**K: Det er verdig og rett.**

Celebranten les eller messer

### **Prefasjonen**

Med løfta hender:

*Anten*

**P: I sanning verdig og rett er det å takka deg, ja, rett er det å lovprisa deg, Herre vår Gud.**

Ditt herrevelde er fra æve og til æve.

Du bor i det høge, men ser til det låge.

Du er vår Frelsar Jesu Kristi Fader.

Ved han skapte du himmel og jord,  
alt synleg og usynleg.

Alle himmelske makter og herredøme  
skjelv i age for di åsyn,

og aldri tek lovsongen til Lammet slutt  
for din kongsstol;

englane og dei himmelske skapningane  
og dei eldste jublar og ropar dag og natt.

Med dei vil også vi blanda våre røyster og  
tilbedande syngja:

ST.BASILEOS-LITURGIEN

*Eller*

**P: I sanning, verdig og rett er det,  
vår skyldnad og vår frelse,  
at vi alltid og alle stader takkar deg,  
heilage Herre, allmektige Far, evige Gud,  
ved Jesus Kristus, vår Herre,**

Dei neste to linene varierer:

**Han som elskar oss og har fridd oss fra syndene våre med sitt blod,**

*og gjort oss til eit kongerike, til prestar for Gud sin Far.*

Ved han lovsgang englane din herleghet,  
og di kyrkje i himmelen og på jorda  
prisar namnet ditt med samrøysta lovsong.

Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

ALTARBOKA 1920, SKG 1999

Variable ledd:

*Advent:*

- Han som for vår skuld vart menneske, for at vi ved han skulle bli dine born, frelste ut or mørker og inn i ditt underfulle ljós.

*Julenatt:*

- Han som denne heilage natta for vår skuld vart inkarnert, for at vi ved han skulle bli dine born, frelste ut or mørker og inn i ditt underfulle ljós.

*Jula og Kristi Openberrings-tida:*

- i Han har du openberra din herleghet i verda, så ljoset skin i hjarto våre.

*Fastetida:*

- Han som elskar oss og gav seg sjølv for oss,  
så han vart lydig inntil døden, ja døden på krossen.

*Skjærtorsdag:*

- Han er det levende brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv,  
så den som kjem til han aldri skal svelta, og den som trur på han aldri skal tyrsta.

*Påsketida I:*

- Han er det sanne påskelam, som ved sin død gjorde døden til inkjes, og ved si oppstode  
gav oss det evige livet.

*Påsketida II:*

- Han som for oss betalte Adams skuld til den ævelege Far, og som med sitt dyre blod  
strauk ut det gamle skuldbrevet.

FRÅ PÅSKENATTSMESSA

*Helgetorsdag og den sundagen som følger:*

- Han som for opp til himmelen og no trunar ved di høgre hand  
og alltid går i forbøn for oss.

*Pinse:*

- for du har sendt Den Heilage Ande i Hans Namn til trøyst for dine born, så vi kan jubla  
av glede og forkynna dine store gjerningar på mange tungemål.

NY VERSJON, 2006

*Pinsetida I:*

- Han som du sende til frelse for verda, for at vi ved hans død skulle få forlating for  
syndene, og ved hans oppstode vinna det evige liv.

*Pinsetida II:*

- Han er det levende brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv,  
så den som kjem til han aldri skal svelta, og den som trur på han aldri skal tyrsta.

*Kyrkjeårsuavhengig:*

- Han som elskar oss og har fridd oss fra syndene våre med sitt blod,  
og gjort oss til eit kongerike, til prestar for Gud sin Far.

ALTERNATIVA ER FRÅ GUDSTENESEBOKA 1983/SKG 1999 NÅR IKKJE ANNA ER SAGT

*Eller når ein nyttar Hippolyt si eucharistibon:*

- Han er ditt Ord, og ved han har du skapt alt.

Du sende han då tida var fullkommen for å berga og fria oss ut.

Han vart kjøt ved Den heilage Ande og fødd av Maria møy.

På krossen strekte han ut sine hender og  
braut djevelen sine lenkjer.

Ved sin liding gjorde han døden til inkjes,  
og ved sin oppstode gav han oss livet.

Slik oppfylte han din vilje og vann deg et heilag folk.

### **Sams avslutning**

Mot slutten av prefasjonen fører celebranten hendene saman:

**Ved Han lovsgang englane din herlegdom,  
og di kyrkje i himmelen og på jorda  
prisar namnet ditt med samrøysta lovsong.**

**Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:**

### ***Heilag-SANCTUS(X)***

Melodi varierer med kyrkjearret. Med samla hender syng celebranten Sanctus saman med kyrkjelyden:

**K: Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot,  
All jorda er full av din herlegdom, Hosianna i det høgste.  
Velsigna vere Han ✡ som kjem, i Herrens namn.  
Hosianna i det høgste.**

JES.6,3 MATT.21,9;15 JOH.12,13

### ***Den store takkebøna-EUKARISTIbøn***

Med løfta hender held celebranten fram

#### *Anten I*

Nytta ein dette alternativet går ein deretter rett til Herrens Innsetjingsord-Verba

**Ja, heilag er du, Herre vår Gud.  
Alle dine velgjerningar forkynner din visdom  
og godleik imot oss.  
Av støv skapte du mennesket i ditt bilet  
og sette oss i det sære paradis.  
Då vi synda mot dine bod  
gav du oss ikkje over i dødens vald,  
men i din miskunn kom du alle menneske til hjelp.  
Med Abraham skipa du di pakt  
og ved profetane kunngjorde du for oss vona om frelse.  
Då tida var fullkommen lét du ljós gå opp for oss som sat i  
mørke og dødsskugge:  
Du sende din einborne Son,  
vår Herre og Frelsar, Jesus Kristus.  
Han vart kjøt av Den heilage Ande og av jomfru Maria  
og vart menneske.  
For dei fattige forkynte han frelse,  
for fangar fridom,  
for dei sorgfulle glede.  
For å fullføre ditt frelsesverk gav han seg sjølv  
som løysepenge for alle.  
Frå krossen steig han ned i dødsriket  
og stod opp på den tredje dagen.  
Han før opp til himmelen og sette seg  
ved din høgre hand,  
og som den fyrste gava til sine eigne  
sende han frå deg, Far, barnekårsanden.**

ST.BASILEOS-LITURGIEN

#### *Eller II*

**P: Ja, heilag er du, Herre, som har skapt himmel og jord,  
og med dei himmelske hærskarane vil vi lovprisa deg.  
Utan ende er di miskunn og evig er ditt herrevelde.  
Du skapte mennesket i ditt bilet,  
og jorda gav du oss i varetek for at vi skulle tena deg.  
Då vi synda mot dine bod forkasta du oss ikkje for alltid.  
Med Abraham skipa du di pakt**

og lova alle ætter på jorda di velsigning.  
Så høgt har du elска verda at då tida var fullkommen,  
sende du din einborne Son, han som oppfylte din vilje  
og vann deg eit heilagt folk.  
Han var lydig til døden, ja døden på krossen.  
På den tredje dagen stod han opp frå dei døde  
og gav verda liv og lækjedom.  
Og for at vi ikkje lenger skal leva for oss sjølve,  
men for han som døydde og stod opp for oss,  
sende han frå deg, Far, barnekårsanden.

SKG 1999

*Eller III*

**P:** Heilage Gud, allmektige Herre, nådige Far. Utan ende er di miskunn, og evig er ditt herrevelde. Du har fylt skaparverket med ljós og liv; himmelen og jorda er fulle av din herlegdom. Gjennom Abraham lova du å velsigna alle folkeslag. Du bærga Israel, ditt utvalde folk. Gjennom profetane nya du opp att lovnaðen din. Og då tida var komen, sende du Son din, han som i ord og gjerning forkynnte ditt rike og var lydig mot din vilje heilt til døden.

GUDSTENESTEBOKA 1977.  
JOHANNESLITURGIEN I, 1983

*Eller IV*

**P:** Ja, det er godt å takka deg, Herre vår Gud, og lovsyngja ditt namn, du Den Høgste, å forkynna din nåde om morgonen og din truskap når natta kjem. Du har skapt oss og held oss oppe. Du gjev oss liv og helse, heim og arbeid, venskap og kjærleik. Du lét Son din leva som eit menneske mellom menneske, du lét han døy til frelse for oss og stå opp med evig herlegdom. Du gav oss din Heilage Ande, Hjelparen og Trøystaren, som ikkje lét oss vera åleine når vi syrger og er redde. I Han er du nær oss alle dagar.

GUDSTENESTEBOKA 1977.  
JOHANNESLITURGIEN II.2, 1983

*Eller V*

**P:** Vi takkar deg, Herre over himmel og jord, du som opnar di hand og mettar alt levande med det som godt er. Du sende Son din så Han skulle lida på krossen, og du reiste han opp frå døden. Han er det sanne brødet, som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv.

GUDSTENESTEBOKA 1977.  
JOHANNESLITURGIEN II.2, 1983

*Eller VI*

**P:** Heilage Gud, du har skapt oss menneske i ditt bilet og gjeve oss livsens gåve. Vi takkar deg for Jesus Kristus, verdsens Frelsar. Ved trua på hans død og oppstode har vi forlating for syndene og evig liv. Du lyfter opp dei små og mettar dei svoltne med gode gåver. Vi takkar deg for dåpens bad, der du gjer oss til dine born, og for nattverden, der du samlar oss som din familie.

FAMILIEMESSA 1998-2003

## ***Bøn om Heilaganden-EPIKLESE***

*Anten*

Velsigna oss med all Andens velsigning.

**Helga ved din Ande dette brødet og denne vinen, jorda og arbeidet sine frukter**

Celebranten fører hendene saman, gjer krossteiknet over brødet og kalken, tek brødet og held det litt over alteret, og seier samstundes:

**at dei på ditt ord og din lovnað må bli vår Herre Jesu lekam og blod, han som baud oss  
å feira dette måltidet.**

*Eller*

**Send din Ande over oss og desse gåvene dine, så vi med tru og takk kan ta imot det  
himmelske brødet. Og liksom kornet har vorte eitt i brødet og druene i vinen,**

Celebranten fører hendene saman, gjer krossteiknet over brødet og kalken, tek brødet og held det litt over alteret, og seier samstundes:

**så gjer oss til eitt med kvarandre og med Gud Herren Jesus Kristus.**

GUDSTENESTEBOKA 1977.  
JOHANNESLITURGIEN II.2, 1983

*Eller*

**Vi bed deg, allmektige Far, gjev oss din Heilage Ande. Lat oss kjenna krafta av Kristi oppstode, så vi som tek i mot hans lekam og blod, kan leva til pris og ære for din herlegdom og få del i arven som dei heilage får i ljoset.**

GUDSTENESTEBOKA 1977.  
JOHANNESLITURGIEN II.1, 1983

*Eller*

**Evige, miskunnsame Gud. Vi takkar deg fordi du har gjeve din kjære Son i døden for syndene våre, og i han har forsona verda med deg sjølv. Vi bed deg: Gjev oss din Heilage Ande, og skap i oss ei sann tru på din nåde, så vi kan ta imot Jesu lekam og blod til frelse og fred, og verta éin lekam i han.**

PAULUSLITURGIEN  
GUDSTENESTEBOKA 1983

*Eller*

**Gjev oss som tek imot Kristi lekam og blod,  
å samlast til eitt i Den Heilage Ande,  
så vi saman med alle dine heilage  
- fremfor alt Guds mor, den sæle Maria møy,  
apostlane og martyrene  
(og dei heilage...som vi idag feirar minnedagen for) –  
kan få arve det evige livet i ditt rike.  
Gjev oss med heile di kyrkle einskap og fred,  
så vi alle med éi røyst kan lovsynge ditt heilage namn,  
Fader, Son og Heilag Ande,  
no og alltid og i all æve.**

SKG 1999

Celebranten fører hendene saman, tek brødet og held det litt over alteret, og seier:

### **Herrens Innsetjingsord-VERBA(X)**

*Anten*

**I den natta han gav seg sjølv til liv for verda, synte han oss frelsevegen. Han tok eit brød, takka deg, braut det, gav læresveinane og sa:**

ST.BASILEOS-LITURGIEN

*Eller*

**Vår Herre Jesus Kristus, den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka deg, braut det, gav læresveinane og sa:**

Celebranten boyer seg litt framover.

**TAK DETTE OG ÉT DET,  
DETTE ER MIN LEKAM SOM VERT GJEVEN FOR DYKK.  
GJER DETTE TIL MINNE OM MEG.**

Celebranten løfter den konsekrerte hostien så kyrkjelyden kan sjå han, legg han attende på disken, kneler med begge hender på corporalet og tilbed. Han reiser seg, tek kalken, held han litt over alteret, og seier:

**Likeeins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa:**

**DRIKK ALLE AV DEN.  
DENNE KALKEN ER DEN NYE PAKT I MITT BLOD,  
SOM VERT UTRENT FOR DYKK OG FOR DEI MANGE  
TIL FORLATING FOR SYNDENE.  
GJER DETTE, SÅ OFTE SOM DE DRIKK AV HAN,  
TIL MINNE OM MEG.**

1.KOR 11,23-26; MARK.14,22-25; MATT.26,26-29, LUK.22,15-20

Celebranten løfter kalken med den innvigde vinen så kyrkjelyden kan sjå han, set han attende på corporalet, kneler med begge hender på corporalet og tilbed:

## **Bøn om å koma i hug Kristi verk. ANAMNESE. Akklamasjonar.**

Celebranten reiser seg og seier med samla hender, vend mot kyrkjelyden

*Anten*

**Stort er trua sitt mysterium.**

GUDSTENESTEBOKA 1977.

SKG 1999

*Eller*

**Kristus mellom oss, vona om herlegdom!**

KOL.1,27B

Celebranten held fram

*Anten*

**K kan svara: Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.**

SKG 1999

*Eller*

Når St.Hippolyt si evcharistibøn og St.Basileos-liturgien vert nytta.

**K: Vi forkynner din død, Herre,  
og vi lovprisar di oppstode,  
til dess du kjem att i herlegdom.**

Celebranten held fram

*Anten I*

**P: Heilage Far, med dette brødet og denne kalken  
kjem vi med takkseiing ihug for di åsyn at Son din leid  
og døydde til vår frelse.**

**Han er det sanne offerlammet som elskar oss,  
og med sitt blod fridde oss frå våre synder.**

**I trua på hans oppstode forkynner vi at han skal koma att i herlegdom.**

SKG 1999

*Eller II*

**P: Difor, miskunnsame Far, vil vi med dette brødet og denne kalken koma i hug at  
Herren gav livet for oss. Og i trua på Hans oppstode ventar vi på at Han kjem att i makt  
og herlegdom og vil halda sitt store giestebod saman med sitt folk.**

GUDSTENESTEBOKA, 1983

*Eller III*

(nyttar ein den følgjande St.Basileos si nattverdbøn, går ein rett til Avsluttande lovprising under ALTERNATIV X)

**P: Heilage Gud og Far,  
til minne om din Son si liding,  
hans oppstode frå dei døde,  
hans himmelferd til din høgre hand,  
medan vi ventar på at han kjem att i herlegdom,  
ber vi fram for deg desse dine eigne gåver,  
dette brødet og denne kalken,  
i takkseiing for alt og i bøn for alle.  
Herre, du som elskar alle menneske og  
utan ende syner oss din godleik,  
vi syndrar bed deg:**

**Lat din heilage Ande koma over oss og desse dine gåver.**

**Gjev alle dei som samlast for å få del i**

**Kristi lekam og blod, å bli eitt ved Den heilage Ande,  
så vi kan helgast som eit levande og  
heilagt offer, til hugnad for deg.**

ST.BASILEOS-LITURGIEN.

*Eller IV*

**P:Til minne om hans død og oppstode**  
vil vi takka deg, Herre vår Gud.

Vi ber fram for deg livsens brød og velsignings-kalken,  
av di du har gjort oss verdige til å stå for di åsyn og tena deg.

**Vi ber deg, lat oss som vedkjenner ditt namn bera fram lekamen vår**  
**i ein Ande til eit levande og heilagt offer som er til hugnad for deg,**  
**og gjev alle som samlast for å få del i Kristi lekam og blod,**

å verta eitt i den fred som bind saman,  
så vi, saman med vår biskop... N,  
kan lovprisa og herleggjera deg,  
ved din Son Jesus Kristus.

Ved han og med han og i han,  
tilkjem deg, Gud allmektige Fader,  
i eining med Den heilage Ande,  
all æra og herlegdom,  
frå æva og til æva.

ST. HIPPOLYT

*Eller V*

**P: Miskunnsame Far,**  
**vi står for di åsyn med dette brødet og denne kalken, og bed deg:**  
Sjå ikkje på våre synder, men kom Son din ihug,  
han som elskar oss og gav seg sjølv for oss  
som ei gavde og som eit offer, deg til ein hugnadleg ange.  
**I trua på hans oppstode forkynner vi at han skal koma att i herlegdom.**

SKG 1999

*Eller VI*

**P: Heilage Far, med dette brødet og denne kalken**  
**påminner vi deg om din kjære Son si bitre liding og død,**  
hans sigerrike oppstode og himmelfart,  
og forkynner at Han kjem att i herlegdom.

SKG 1999

*Eller VII*

**P: Himmelske Far, sjå til din kjære Son sitt offer på Golgata,**  
som Han har sona alle våre synder med.  
Vi takkar deg fordi du i din nåde har gjort oss verdige  
til å stå for di åsyn og tena deg. Vi bed deg audmjukt:  
Gjev oss som kjem til Herrens bord for å ta i mot Hans dyre lekam og blod,  
å bli eitt med din Heilage Ande og herleggjera deg ved tenaren din,  
Jesus Kristus. Ved Han og med Han og i Ham tilkjem deg,  
Gud, allmektige Far, i eining med Den Heilage Ande,  
all ære og herlegdom, frå æve og til æve.

SKG 1999

*Eller VIII*

**P: Himmelske Far, vi takkar deg,**  
og velsignar ditt namn ved din einborne Son, vår Frelsar.  
Deg vere æra for kjærleiken som er sterkare enn døden.  
Vi bed deg, gjev oss som kjem til ditt bord  
og vil ta imot din lekam og ditt blod,  
at vi kan koma fram for ditt åsyn med audmjuke ogærlege hjarto.  
Sameina oss med deg som greinene med vintreet,  
lær oss å elskar kvarandre som du har elskar oss,  
og gjev oss at vi med heile den heilage kyrkja kan ha trøyst og glede i deg.

ETTER GUSTAV JENSEN, ALTARBOKA 1920

*Eller IX*

**P: Evige, miskunnsame Gud. Vi takkar deg fordi du har gjeve din kjære Son i døden for**  
syndene våre, og i han har forsona verda med deg sjølv. Vi høgtidar dette måltidet med  
glede og takk for det offer du har fullført, og i trua på di sigerrike oppstode og

**himmelferd, medan vi ventar på at du kjem att i herlegdom. Gjer oss til sitt med heile di  
heilage kristne kyrkje og lat oss ein gong samlast hjå deg i ditt fullkomne rike.**

ETTER NATTVERDBØN II, GUDSTENESTEBOKA 1983-

*Eller X*

**P: Barmhjertige Far,  
gjev oss som tek imot Kristi lekam og blod  
å bera fram lekamen vår som eit levande og heilagt offer  
som er til hugnad for deg, at vi må leva til pris og ære for din herlegdom.  
Vara oss i Andens einskap i den freden som bind saman.**

**Tak i din nådige varetekts biskopen vår N...,  
prestane, diakonane og alt ditt folk.**

Ein koncelebrant kan be den følgjande bøna med løfta hender, elles bed celebranten henne på same vis:

**P: Unn oss - med Guds mor, den sæle Maria møy, med patriarkar og profetar, med  
apostlar og martyrar - å få del i den arven dei heilage får i ljoset, og gjev dei evig glede.**

Ein annan koncelebrant kan be den følgjande bøna med løfta hender, elles bed første koncelebrant eller celebranten framleis på  
same vis:

**P: Kom ihug alle som er døde i Kristi fred, (særleg ...NN).  
Deira tru kjenner du åleine. Gje dei ein bustad i ljoset og gjev dei evig glede.**

Celebranten eller ein tredje koncelebrant held fram med løfta hender:

**P: Vi bed deg for di heilage kyrkje.**

**Gjev henne fred, for du har kjøpt henne med Kristi dyre blod.**

**Hald di hand over alle som held liv i henne med ditt ord.**

Celebranten held fram med løfta hender:

**P: Hald oss oppe i trua og gjev oss din fred,  
så vi kan lovprisa og herleggjera deg.**

**Lytt i nåde til bønene frå dei du her samlar om ditt altar.**

**Sameina bøna vår med bønene frå di kyrkje i himmelen og på jorda,  
og med forbøna frå Kristus, vår store øvsteprest, som alltid bed for oss,  
til dess han kjem med siger, som Herren over alle ting.**

#### ***Avsluttande lovprising***

Celebranten fører hendene saman, løfter disken med venstre hand, og kalken med høgre og avsluttar eukaristibøna. (Dersom ein  
diakon gjer teneste i messa, løfter han kalken.)

**P: Ved han og med han og i han, skal Du, allmektige Far,  
i eining med Den Heilage Ande, ha all ære og herlegdom,  
no og alltid og i all æve.**

SKG 1999

**K kan seia: Amen, ja kom, Herre Jesus. MARANA TA!**

1.KOR.16,22; ÅP.22,20

## **15. Fader Vår-PATERNOSTER**

Etter ei kort stille, introduserer celebranten med samla hender Fader Vår, med ei av dei følgjande formuleringane:  
*Anten* ved feiring vers populum:

**P: I tillit til Herrens bod og vegleiing trer vi fram for nådetruna  
og seier:**

*Eller*

**Lat oss be i tillit til Faderen slik Herren sjølv har lært oss:**

*Eller* ved feiring ad orientem:

**I Den Heilage Ande og saman med heile ditt folk,  
bed vi den bøna Son din sjølv har lært oss:**

Alle stemmer i Fader Vår, celebranten med løfta hender:

*Anten*

**K: Fader vår,  
Du som er i himmelen,  
Lat namnet ditt helgast.  
Lat riket ditt koma.**

**Lat viljen din råda på jorda  
så som i himmelen.  
Gjev oss i dag vårt daglege brød.  
Forlat oss vår skuld,  
som vi òg forlet våre skuldmenn.  
Før oss ikkje ut i freistung,  
men frels oss frå det vonde.**

Celebranten fører hendene saman:

**For riket er ditt, og makta og æra i all æve.  
Amen.**

SALMER 1997 0167

*Eller*

**K: Vår Far i himmelen!  
Lat namnet ditt helgast.  
Lat riket ditt koma.  
Lat viljen din råda på jorda  
slik som i himmelen.  
Gjev oss i dag vårt daglege brød,  
og tilgjev oss vår skuld,  
slik vi òg tilgjev våre skuldmenn.  
Og lat oss ikkje koma i freistung,  
men frels oss frå det vonde.**

Celebranten fører hendene saman:

**For riket er ditt, og makta og æra i all æve.**

NY FORM, 2005

## **16. Fredshelsing-PAX**

Vend mot kyrkjelyden, med samla hender, innleier celebranten fredshelsinga, t.d. med flg. ord:

**P: Kristus er vår fred; han som døydde på krossen  
og der gjorde ende på fiendskapen.**

Han avsluttar innleiinga med å strekke hendene ut, og helsa kyrkjelyden:

**P: Herrens fred vere med dykk alltid.**

Han fører hendene saman og boyer hovudet mens kyrkjelyden svarar:

**K: Og med di ånd.**

Diakonen eller celebranten oppmodar kyrkjelyden, med samla hender:..

**P: Hels kvarandre med fredens teikn.**

Dei truande gjev kvarandre eit teikn på fred og kjærleik, som "Guds Fred" o.l., t.d ved handtrykk.

## **17. Brødsbryting-FRACTIO**

Celebranten tek hostien(brødet) og bryt han over diskens mens han seier:

*Anten*

**P: Brødet som vi bryt gjev oss del i Kristi lekam.**

**K: Sjølv om vi er mange, er vi ein lekam.**

**For vi har alle del i det eine brødet.**

**1.KOR.10,16-17**

Etter brødsbrytinga legg celebranten ein del av hostien i kalken mens han seier høgt:

**Med éin Ande vart vi alle døypte til å vera éin lekam, og alle fekk vi éin Ande å drikka.**

**1.KOR.12,13, SKG 1999**

*Eller*

**P: Difor, så ofte som vi et dette brødet og drikk av kalken, forkynner vi Herrens død, til dess han kjem.**

**1.KOR.11,26**

Celebranten held fram

**Sameina bøna vår med bønene frå tenarane dine alle stader og gjennom alle tider, og med forbøna frå vår store øvsteprest, som alltid bed for oss, til dess han kjem med siger,**

**som Herren over alle ting. Ved Han og i Han og i samfunn med Den Heilage Ande skal all herlegdom ogære høyra deg til, allmektige Far, evige Gud, no og til evig tid.**

GUDSTENESTEBOKA II.1 1983-

**K kan seja: Amen, ja kom, du Heilage Ande.**

## **18. Guds Lam- AGNUS DEI**

Melodi varierer med kyrkjeåret Forsongar stemmer opp Guds Lam-songen. Dersom fleire brød skal brytast, held celebranten fram med å bryta brødet under songen:

Kyrkjelyden kan knele.

**K: Du Guds Lam, som bar all verdens synder, miskunna deg over oss.**

**Du Guds Lam, som bar all verdens synder, miskunna deg over oss.**

**Du Guds Lam, som bar all verdens synder, gjev oss din fred.**

Etter brødsbrytinga kneler celebranten med begge hender på corporalet, reiser seg og tar ein del av hostien som er brote med høgre hand, held han mellom tommelen og peikefinger litt løfta over disken, og seier, vendt mot kyrkjelyden:

**P:Sjå Guds lam, sjå han som ber bort synda i verda.**

JOH.1,29;36, NY FORM.

*Anten*

**Sæle er dei som får sitja til bords i Guds Rike.**

LUK.14,15

*Eller*


**Sæle er dei som er bedne til bryllaupsmåltidet å Lammet.**

ÅP.19,6 FLG.

**K: Herre, eg er ikkje verdig at du går inn under mitt tak,  
men sei berre eitt ord, så vert sjela mi lækt.**

FRÅ MATT.8,8

**P: Kom, for alt er ferdig!**



## **19. Altargang-COMMUNIO**

Under altargangen/kommunionen kan syngast eigna salmar/songar eller vere stille. Nattverden vert til vanleg teke imot mens ein kneler på altarringen, alternativt framst i skipet, eller ved ein annan stasjon i kyrkja. Om ein ønskjer, kan ein vise sakramentet ære ved bøye seg. Ved altarringen tek ein i mot nattverden med ope hand og kalk, framst i skipet, eller ved ein annan stasjon i kyrkja ved å dyppe det innvigde brødet i kalken, eller ved å drikke av felleskalken. Born og konfirmantar som ikkje har fått undervisning om nattverden heime, av ein fadder, eller av presten, kan velsignast. Celebranten bøyer seg litt framover og seier stille:

*Anten*

**Dette er Jesu lekam**

Han ét Kristi lekam med ærefrykt. Dinest tek han kalken og seier stille:

**Dette er Jesu blod**

*Eller*

**Kristi lekam, gjeven for meg.**

Han ét Kristi lekam med ærefrykt. Dinest tek han kalken og seier stille:

**Kristi blod, utrent for meg.**

Dinest set han kalken på corporalet, og gjev Kristi lekam til evt.concelebrant, andre presten(ar)/diakonen(ane)/evt.lek nattverdudelar/ministranten(ane). Celebranten set han kalken på corporalet, og gjev Kristi blod til evt.concelebrant, andre presten(ar)/diakonen(ane)/evt.lek nattverdudelar/ministranten(ane). Den som skal dele ut Kristi blod, mottek kalken i ærefrykt.

Celebranten tek disken og går dit nattverden skal mottakast av kyrkjelyden. Den som skal dele ut Kristi blod, følgjer etter med kalken.

Ved bruk av fleire stasjonar, skjer det same: Dei som skal dele ut Kristi lekam og blod, mottek disken med ærefrykt, og går til plassen nattverden skal mottakast av kyrkjelyden. Om nattverdudelarane skulle få for lite innvigd brød og vin, ber dei nattverdgjestene på sin stasjon om å venta, mens dei gir teikn til celebranten om at meir må innvigjast. Dette gjer han snarast råd, og gjentek prosessen frå tidlegare.

Utdelingsord er

*Anten*

**Dette er Jesu lekam  
Dette er Jesu blod**  
*Eller*  
**Kristi lekam, gjeven for deg.  
Kristi blod, utrent for deg.**

Ved begge alternativ kan kommunikantane svara:

**Amen.**

Nattverden vert til vanleg teke imot med ope hand og kalk mens ein kneler på altarringen. Alternativt framst i skipet, eller på annan plass/fleire stasjoner i kyrkja mens kommunikantane står. Her kan brukast både tradisjonell utdelingsmåte, intinksjon(kommunikantane dypper det innvigde brødet i vinen), og (ved den innvigde vinen)felleskalk. Når både særkalk og felleskalk er i bruk ved utdelinga, skal vinen først bli skjenkt dei kommunikantar som nyttar einskildskalk. Under altargangen/kommunionen kan syngjast eigna salmar/songar, spelast musikk som er eigna på orgel eller anna instrument, eller vere stille. Om ein ønskjer, kan ein vise sakramentet ære ved bøye seg. Born og konfirmantar som ikkje har fått undervisning om nattverden heime, av ein fadder, eller av presten, kan velsignast. Celebranten bøyer seg ved slike høve litt framover og seier stille:

**Ved velsigning:**

*Anten ved udøypte*

**Herren velsigne deg og vare deg og føre deg til det evige livet!**

*Eller ved døypte*

**Den allmektige Gud, Fader, Son og Heilag Ande,  
som har teke deg til sitt born i den heilage dåpens sakrament.**

**Han styrke deg i trua og føra deg til det evige livet!**

**KF 1979**

Udøypte som skal døypast kan primsignast ved at celebrant eller diakon teiknar krossteiknet samstundes som desse orda vert sagde. Om det er ønskje om konkret forbøn, kan ein be fritt for den eller det det gjeld no, eller etter messa, om dette synest best.

## **Tilseiingsord- Nattverdønskje**

Etter kommunionen vender celebrant og assistent attende til altaret. Assistenten set kalken på corporalet og går attende til sin plass. Celebranten set diskens, brødskja? eller ciboriet attende på corporalet. Han tek kalken og seier, vendt mot kyrkjelyden:

*Anten*

**P: Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus,  
som no har gjeve oss sin heilage lekam og sitt dyre blod,  
som han gav til soning for alle dykkar/våre synder,  
han styrke dykk/oss og halde dykk/oss oppe i ei sann tru til det evige liv.**

*Eller*

**P: Vår Herre Jesu Kristi dyre lekam og blod  
styrke dykkar tru og føre dykk til det evige liv.**

*Med kalken kan han gjere krossteiknet over kyrkjelyden:*

**P: Fred vere med dykk.✉**

Celebranten set kalken frå seg på corporalet. Kyrkjelyden kan halde fram salmesongen eller vere i still bøn. Celebranten, diakonen eller ein ministrant reinser diskens, og/eller øskja over kalken og så sjølve kalken. Dersom celebranten ikkje reinser, går han attende til plassen sin og set seg. Reinsinga skjer ved altaret eller ved credensbordet, i så fall på eige corporale.

Reinsinga kan også skje i kyrkja rett etter messa. Under reinsinga kan den som reinser stilt be følgjande bøn:

**Herre, la oss med et reint hjarta  
ta vare på det vi har mottatt med munnen,  
så denne gåva her i tida vert oss til evig lækjedom.**

**K: Amen.**

## **20. Takkekollekt for nattverden POSTCOMMUNIO**

Etter at rensinga er avslutta, og alle har satt seg, kan alle be ei kort stund i stille. Deretter reiser celebranten seg. Kyrkjelyden gjer det same, og celebranten seier med samla hender:

**P: Lat oss takka og beda.**

The image shows a musical staff with six notes, each consisting of a vertical stem with a small circle at the top, indicating a single note. Below the staff, the lyrics "Lat oss tak-ka og be - da." are written in a simple, sans-serif font.

Dersom ein ikkje alt har bede stille, bed alle stille saman med celebranten ei kort stund. Celebranten bed kollektien med løfta hender:

*Anten Ia*

P: Vi takkar deg, Herre allmektige, evige Gud,  
fordi du i brødet og vinen i den heilage nattverden  
har gjeve oss Jesu lekam og blod.  
Vi bed deg at du ved desse dine sæle gåver  
vil styrkja trua vår på deg,  
gjere kjærleiken brennande mellom oss  
og stadfesta i oss vona om det evige liv,  
for Son din, Jesu Kristi, vår Herres skuld.

Mot slutten av bøna fører han hendene saman.

ETTER ALTARBOKA 1920.

SVERRE AALEN 1977, REV.2005

*Eller Ib*

P: Vi takkar deg, Herre, allmektige, evige Gud, for du har kveikt oss med dine sæle  
gåver. No bed me deg at du med desse gåvene dine vil styrkja vår tru på deg, og gjera  
kjærleiken brennande oss imellom, og stadfesta i oss vona om eit evig liv, for Son din,  
Jesu Kristi vår Herre skuld! Amen.

Mot slutten av bøna fører han hendene saman.

TAKKEKOLLEKT FOR NATTVERDEN, ALTARBOKA 1920.

*Eller II*

P: Herre Jesus Kristus, du som er den levande Guds Son og tok på deg ein tenars  
skapnad og vart lydig til døden, vi bed deg: Lat gåva du gjev i nattverden, gjera oss  
takksame og glade, så vi ikkje lever for oss sjølve, men for deg, som døydde for oss og  
stod opp for oss. Fyll oss med din kjærleik, så vi kan tena medmenneska våre i lydnad  
mot din vilje.

Mot slutten av bøna fører han hendene saman.

GUDSTENESTEBOKA, 1983

*Eller III*

i påsken og i påsketida:

P: Lova vere du, Herre vår Gud, Konge over universet,  
som har gjeve oss påsken, dei usyra brøda si høgtid,  
forløysningshøgtida og den heilage eukjaristien,  
til påminning om utferda fra Egypt  
slik at vi skal koma ihug at Jesus  
- din einborne Son og vår Salva Frelsar-konge,  
døydde for oss,  
og at hans blod vart utøyst for vår skuld.

Lova vere du, Herre vår Gud,  
Konge over universet,  
som ved den krossfeste og oppstandne

Herre Jesus Kristus,


har berga oss fra døden,

halde oss oppe i trua og gjeve oss eit evig liv i han.

Mot slutten av bøna fører han hendene saman.

LITURGI FOR PÅSKEMÅLTID

K: Amen



A - men.

## UTSENDING

## 21. Velsigning

Celebranten strekker hendene ut og helsar kyrkjelyden:

*Anten*

**P: Herren være med dykk. SALUTATIO.**

Han fører hendene saman og bøyer hovudet mens kyrkjelyden svarar:

**K: Og med deg vere Herren.**

JOH.20,19 1.KOR.16,23.

EGIL HOVLAND.

GUDSTENESTEBOKA 1977

SALMAR 1997 182

*Eller*

**D/P: Tak imot velsigninga.**

Celebranten lyser velsigninga over kyrkjelyden:

*Anten*

**P: Herren velsigne deg og vere deg,**

**Herren late sitt ansikt lysa over deg og vere deg nådig,**

**Herren lyfte si åsyn på deg og gjeve deg fred. ✺**

4.MOS.4,24-26.

ALTARBOKA 1920

**Presten**

**Kyrkjelyden** reiser seg og syng:  
Og med deg ve - re Her - ren!

**Presten**

Her-ren velsigne deg og va-re deg. Her-ren late sitt andlet  
lysa over deg og ve-re deg nå - dig. Her-ren lyfte sitt asyn  
på deg og gje - ve deg fred.

**K: Amen. Amen. Amen.**

ALTARBOKA 1920, EVT.SOM Nos 884, VERS.

EGIL HOVLAND. GUDSTENESTEBOKA 1977  
Korte kunngjeringar kan følge her om det er naudsint. Dersom kyrkjekeklokker vert nytta, slår ein tre gonger tre bøneslag her, sjå Tillegg om bruk av desse. I så fall kan kunngjeringane følge etter Truvedkjenninga, før Kyrkja si forbøn. Diakonen eller celebranten seier til sist, vend mot kyrkjelyden, med samla hender:

### Utsendingsord

*Anten*

**D/P: Messa er til endes. Gå i Herrens fred.**

SKG 1999

*Eller*

D/P: Kristus lever. Lat oss leva for Han.

## **22. Salme og Postludium**

*gjerne med*

### **Uttog(X)**

Salmar som kan høve, er: NoS 202, 604, 875, Guds Lam som bærer verdens synder(Kverno), Salmer 1997 151(fullstendig versjon frå Tingvoll), Sangboka 116, S05, 1-2+5. Celebranten kysser altaret som ved byrjinga av messa. Saman med dei andre som gjer teneste, bøyar han seg i ærefrykt for altaret og går ut. Ved uttog går dei tenestegjerande ut i samme rekkefølgje som dei kom inn. Evangelieboka vert bore ut dersom ho vart bore inn i starten av messa. Ein ber til vanleg ikkje røykjelse i uttoget.

### **3\*3 Bøneslag**

I dei kyrkjelydar som helst ikkje vil bli av med den gamle utgangsbona, kan Celebranten, diakonen eller ein annan av dei som gjer teneste, om ønskjeleg be etter uttogsalmen:

*Anten*

D/P: Herre! Vi takkar deg for at du har lært oss  
kva du vil at vi skal gjera.

Hjelp oss no, Gud, ved din Heilage Ande for Jesu Kristi skuld,  
at vi må gøyma ordet ditt i eit reint hjarta,  
styrkjast ved det i trua, betrast i eit heilag liv,  
og ha trøyst av det i liv og død! Amen i Jesu namn.

ALTARBOKA 1920

*Eller*

D/P: Kjære Gud, Far i himmelen!  
Vi takkar deg for at du tok oss til dine born i dåpen,

og lar oss veksa opp i di kristne kyrkje  
og få høyra ordet ditt og lære å kjenna deg,  
vår kjære Far, og din Son, Jesus Kristus, vår Frelsar.

Vi bed deg, gjev oss din Heilage Ande,  
så vi kan gøyma ordet ditt i gode hjarto og leva etter det,  
venda oss frå alt vondt  
og vera gode og kjærlege mot kvarandre  
liksom du er god mot oss, og til sist samlast hjå deg i himmelen,  
for Jesu Kristi, vår Herre, skuld! Amen.

ALTARBOKA 1920, FAMILIEGUDSTENESTE 1949

”...Den kvelden då han siste gong

Den store lovsong med deim song-

Den siste gong,

Til yver sky

**Han halda skal sin nattverd ny.” (NoS 647, v.4)**

# **Kollektbøner**

## **Adventstida:**

### **1. sun. i adventstida. Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen! Vi lovar og prisar deg av di du i Son din har gjeve oss ein spaklynt og rettferdig konge, som har fridd oss fra synda og djevelen si makt ved sin død, og lever for å hjelpe oss mot døden. Vi bed deg: Opplys og styr oss ved din Heilage Ande så vi ikkje styggjест ved hans ringe skapnad og vanvyrde ord, men set all vår lit til denne kongen, og ved trua på han vert evig sære, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

*eller*

Evige Gud, Far i himmelen! Vi lovar og prisar deg av di du har sett Son din til konge over oss syndige menneske. Lær oss å tena og lyda deg, så me med tillit og gleda ventar Son din att og så til evig tid vert sære, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **2. sun. i adventstida. Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen, du som har openberra gjennom Son din at himmel og jord skal forgå, og at me ein dag skal stå opp frå dei døde og møta for domen, vi bed deg at du ved din Heilage Ande alltid vil halda oss fast til ordet ditt i ei sann tru, så vi ikkje tyngjer hjarto våre med fråtsing og drykk og sut for dette livet, men vaker og bed, og med von og med glede ser fram mot den dagen Son din kjem att i herlegdom, og vi vert evig sære, ved Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **3. sun. i adventstida. Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen, du som let Son din koma til verda for at han skulle frelsa oss fortapte menneske frå synd og død og Satans makt, og gje oss evig liv, vi bed deg: Reinsa og styr hjarto våre såleis ved din Heilage Ande at vi ikkje styggjест ved vår Herre Jesus Kristus, men held oss einast til hans ord, vakta oss frå vonløyse og fall som vi vert freista til her i verda, og gjer oss evig sære, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg og Den Heilage Ande lever og råder, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **4. Sun. i adventstida. Kollekt:**

Trufaste Gud og Far, du som fyrst vitna om Son din gjennom Moses og profetane, og til sist sende døyperen Johannes til å rydde veg for hans åsyn, vi takkar deg av di du har oppfylt ditt gode ord. Vi bed deg at du vil opna Skriftene for hjarto våre ved din Heilage Ande, så vi kan kjenna Son din, høyra hans røyst med gleda, og av takksame hjarto æra han som vår Herre og utløysar, han som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

## **Juletida:**

<sup>10</sup> Kjem etterkvart.

**Julafta/ Julenatt.  
Kollekt:**

*Anten*

Herre Gud, Far i himmelen! Vi lovar og priser deg for di store miskunn at du let din einborne Son verta menneske, og gjorde denne store gleda kjend for hyrdingane på marka. Vi bed deg: Driv all otte bort fra hjarto våre ved din Heilage Ande, og gje oss den evige gleda over han som er frelsesfyrsten vår, så vi, trass i motstand og vanvørnad her på jord, kan ta del i englane sin lovsong med frimod og takksemd, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

*eller*

Evige Gud, Far i himmelen. Me takkar deg som i den heilage julenatt let Son din koma til verda og verta menneske imellom oss, så han skulle frelsa oss frå synda og døden og gje oss del i det evige livet. Vi bed deg: Hjelp oss å gje Jesus rom i hjarto våre, så me kan leva som dine born på jorda og verta evig sæle ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**1. Juledag.  
Kollekt:**

*Anten*

Herre Gud, Far i himmelen! Vi lovar og priser deg for den store miskunn at du let Son din ta vårt kjøt og blod på seg, og at du ved han har frelst oss fra synda og døden og gjeve oss en evig glede. Vi bed deg: Gjev oss din Heilage Ande, så vi tar imot denne frelsa med takksame hjarto, trøystar oss til din nåde i all naud og freusting, og så vert evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

*eller*

Evige Gud, Far i himmelen, du som ved Ordet har skapt alle ting, og oss menneske til samfunn med deg, vi lovar og takkar deg av di du let din einborne Son Jesus Kristus verta menneske, fødd av Maria møy, for at vi ved han skulle verta dine born, fødde på ny av vatn og ande. Vi bed deg: Lat ordet ditt opplyse hjarto våre ved din Heilage Ande, så vi kan sjå herlegdomen åt Son din, ta imot han som vår Frelsar, og med han kalla deg Far, ved din kjære Son, Jesus Kristus, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**2. Juledag/St.Stefanusdagen.  
Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen, du som let den Heilage Stefanus lide martyrdøden for Jesu skuld, og med det gjorde han til eit vitne om det rike som ikkje er av denne verda, vi bed deg at du ved din nåde vil halde oss fast i trua på det heilage evangeliet, så vi held ut og ikkje svik når du let oss lida vondt for Jesu skuld, men saman med alle dine vitne gjennom alle tider og på alle stader vert evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**1. Sundag i juletidia.  
Kollekt:**

Evige Gud, Far i himmelen, du som har openberra din frelse for alle folkeslag, og sett Son din til fall og oppreising for mange i Israel, vi bed deg: Opna augo våre ved din Heilage Ande, så vi kan sjå di frelse, og saman med heile di heilage kyrkje av jødar og heidninger vedkjennast Jesus Kristus som vår Utløysar og Herre. Hjelp oss i vår siste stund å lita på dine lovnader og trøysta oss til din nåde, som gjer oss evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**Nyårsnatt.  
Kollekt:**

Heilage, evige Gud! Du har vore ein bustad for oss fra ætt til ætt. I di hand er alle våre tider, og di miskunn er det at det enno ikkje er ute med oss. Vi sannar at vi mange gonger og på mange måtar har såra deg, og er skuldige til dom og straff. Herre, tilgjev oss syndene våre og reinsa oss frå all urettferd etter din lovnad i Kristus Jesus, så vi i ei fast von til han kan gløyma alt som er attanfor, jaga mot målet, og fullföra laupet, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**Nyårsdag/Jesu Namnedag.  
Kollekt:**

*Anten*

Miskunnsame Gud, Far i himmelen! Vi takkar deg for din faderlege nåde, at du let Son din gå inn under lova for at han ved sin fullkomne lydnad skulle gå inn under din vreide og lækja vår ulydnad. Vi bed deg: Opplys hjarto våre ved din Heilage Ande, så vår syndenaud søker trøyst i hans lydnad, og ved Anden din lever oss som dine lydige barn, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

*eller*

Miskunnsame Gud, Far i himmelen, du som ved omskjæringa let din kjære Son gå inn under lova for at vi skulle løysast or lova si forbanning, vi bed deg: Gjev oss din nåde, så vi får del i denne forløysinga, og så vert evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**Kristi Openberrings-tida:**

**Kristi Openberrings-tida, allmenn:  
Kollekt:**

Evige Gud, Far i himmelen, du som frå heimsens endar kallar og samlar eit folk som tener deg, lat ditt rike koma og ditt ljós skina over oss og over alle som sit i mørkrer og dødsskugge, ved Son din, Jesus Kristus, han som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**Epifania/Kristi Openberring.  
Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen, du som leia dei vise menn til det vesle barnet Jesus, og har late ditt Heilage Ord lysa for oss som den sanne stjerna, vi bed deg: Send din Heilage Ande i hjarto våre så vi får visdom til å verta sæle ved dette ljuset, og ærar Son din med alt som høyrer oss til. Lat ditt rike få framgang her hjå oss og mellom alle folkeslag, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**1. Sundag i Kristi Openberrings-tida.  
Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen! Du som ved din Heilage Ande openberra Son din då han vart døypt, og ved di røyst viser oss til han som har teke alle våre synder på seg, vi bed deg: Lat oss som er døypte etter din vilje og på din kjære Son si føresegn, verta styrkte i trua på Han ved din Heilage Ande og slik verta sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**2. Sundag i Kristi Openberrings-tida.  
Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen! Vi lovar og prisar ditt Heilage navn av di du sende Son din, Jesus Kristus, då tida var komen så han skulle metta fattige med gode gåver, og lata dei drikka or gledebekken din. Vi bed deg: Lat opp augo våre med din Heilage Ande, så vi kan sjå hans herlegdom, og med frimod halda oss til Jesus i all vår naud, til dess vi sit til bords i ditt fullkomne rike og får sjå han som han er, han som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **3. Sundag i Kristi Openberrings-tida.**

**Kollekt:**

Allmektige, miskunnsame Gud, du som i din store kjærleik har gjeve oss Son din, og let han verta menneske og døy på krossen for vår skuld, vi bed deg: Gjev din Heilage Ande i hjarto våre, så vi set vår lit til han som har bore våre sjukdomar, og som berre med eitt ord kan berga oss or all naud, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **4. Sundag i Kristi Openberrings-tida.**

**Kollekt:**

Allmektige Gud, Far i himmelen, du som etter ditt faderlege råd fører borna dine her på jord under krossen, og ofte let trengsle koma over oss for å dempa synda og øva oss i tru, von, og uthaldande bøn, vi bed deg: Miskunna deg over oss i all anfekting og naud, så vi kan læra å kjenna din nåde og ditt faderlige vern, og så, med alle dine heilage lova og prisa deg til evig tid, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **5. Sundag i Kristi Openberrings-tida.**

**Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen! Vi takkar deg som har sådd den gode sed, ditt heilage ord, i hjarto våre. Vi bed deg at du ved din Heilage Ande vil lata denne sed bære rik frukt her hjå oss. Vern oss mot den vonde fienden så han ikkje får sådd ugras i vår hjartejord, vakt oss for å verta kjøtleg trygge, vara oss i otte for deg, og hjel oss i alle freistingar, til vi vert evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **Førfasten:**

### **Vingårdssundagen. Septuagesima.**

**Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen, du som har kalla oss inn i vingarden din ved ditt heilage ord, vi bed deg: Gjev oss din Heilage Ande i hjarto våre, så vi arbeider trutt i vingarden, vaktar oss for synd og skam, lever i lyndad mot din vilje, og ikkje lit på vår eiga forteneste, men einast på din nåde, som du så rikeleg har synt oss i din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, han som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **Såmannssundagen. Seksagesima.**

**Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen! Vi takkar deg som ved Son din, Jesus Kristus, har sådd ditt heilage ord her hos oss. Vi bed deg at du vil reinsa og fornja hjarto våre ved din Heilage Ande, så vi trutt høyrer ordet ditt, gøymer det i gode hjarto, og ber frukt av det i tålmod. Styrk oss i trua og løys oss frå synda si makt, og trøysta oss når vi vert forfylgte, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **Kristi Forkláringsdag.**

**Kollekt:**

Evige, miskunnsame Gud, Far i himmelen! Vi takkar deg som har late ljaset frå ditt heilage evangelium lys skina mellom oss, og har openberra herlegdomen åt Son din. Vi bed deg: Vekk oss opp ved dette ljaset, og styrk oss med din nåde, så vi i ein kristeleg livnad kan ferdast i tru og gode gjerningar, til me når det fullkomne ljaset og vert evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**Fastetida:  
Fastetida, allmenn.  
Kollekt:**

*Anten*

Evige Gud, Far i himmelen, gjev oss med takksame hjaro å koma vår Herre Jesu Kristi liding i hug og ved din nåde få forlating for syndene, for Son din, Jesu Kristi vår Herre skuld, som med deg lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

*eller*

Evige Gud, Far i himmelen, du som høyrer bønene våre og med di sterke hand vil verja oss i naud og fare, me bed deg: Frels oss frå mørkret si makt, så me alltid kan ferdast som born av ljuset, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**Sundag før Faste. Fastelavnssundag. Quinquagesima.  
Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen, du som etter din evige vilje let Son din, Jesus Kristus, døy for syndene våre, og har tala om dette gjennom dine heilage profetar, vi bed deg at du vil opna augo våre ved din Heilage Ande, så vi kan kjenna han som døydde i vår stad fylgja han på lidingsvegen, og med han nå frem til oppstoda frå dei døde, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**1. Sundag i Fastetida. Quadragesima.  
Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen! Vi vert alltid freista av den vonde fienden, for han går omkring som ei brolande løve og vil finna nokon å gløypa. Difor bed vi deg for Jesu Kristi lidings og døds skuld: Kom oss til hjelp med din Heilage Ande. Styrk hjarto våre med ordet ditt, så den vonde fienden ikkje får makt over oss, men hald oss fast i nåden til vi vert evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æve og til æve.

**2. Sundag i Fastetida. Reminiscere.  
Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen! Vi bed deg at du vil styrkje hjarto våre ved din Heilage Ande og gjera oss visse i trua på din nåde og di miskunn. Vi er syndige og uverdige og veit at vi lyt ottast deg, og difor bed vi: Hald oss fast ved din nåde så vi finn hjelp og berging einast hjå deg i all naud og freistung. Ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**3. Sundag i Fastetida. Oculi.  
Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen! Vi takkar deg av di du let din einborne Son, Jesus Kristus, verta menneske, for at han skulle gjera ende på djevelens gjerninger og verna oss mot den vonde fienden. Vi bed deg: Reis deg. Herre i ditt velde og kom oss til hjelp i all freistung og anfekting, Vakta oss mot kjøtleg tryggleik, og lat din Heilage Ande halda oss fast i ordet ditt og i otte for deg, så vi alt til enden kan verta fridd fra den onde fienden, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æve og til æve.

**Midtfastesundag. Laetare.  
Kollekt:**

Allmektige Gud, Far i himmelen, du som ved Son din rikeleg metta dei fem tusen i øydemarka, vi bed deg: Vær i nåde hjå oss med din Heilage Ande, så vi ikkje arbeider for den mat som forgår, men for den som gjev evig liv, det levande brødet som kjem ned fra himmelen, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **5. Sundag i Fastetida. Judica. Kollekt:**

Heilage Gud, Far i himmelen! Vi takkar og prisar deg av di du har valt ut din einborne Son, Jesus Kristus, til å gå i døden i staden for oss, og berge oss frå undergangen. Vi bed deg. Send ut din Ande og drag hjarto våre til han som vart gjennomstungen, så vi som er kjøpte fri ved hans blod, kan verta frelse i trua og til sist samlast kring din kongsstol i evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **Marimesse. Kollekt:**

Allmektige Gud, Far i himmelen, du som i din useielege nåde sendte Son din til verda, avla ved Den Heilage Ande, født av Maria møy, vi bed deg at vi som av naturen er falne menneske, for Jesu Heilage fødsels skuld må verta reinsa frå synd og nyskapte etter ditt bilde, så vi med Maria kan fryda oss over di frelse og få evig liv, ved din kjære Son, Ved Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **Palmesundag. Kollekt:**

#### *Anten*

Heilage Gud, Far i himmelen! Vi arme syndarar takkar og lovar deg som ikkje sparte din eigen Son, men gav han i ein tenars skapnad, så han nedra seg sjølv, og vart lydig til døden, ja, døden på krossen. Vi bed deg: Gjev oss din Heilage Ande, så vi kan kjenna han, vår rettferds konge og øvsteprest, nyta frukta av hans liding og død, og fylgja etter han i audmykt og lydnad, til dess vi når fram til det evige mål hjå deg, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

#### *eller*

Herre Jesus Kristus, Guds Son, du som tok en tenars skapnad på deg, nedra deg sjølv, vart lydig til døden, ja, døden på krossen, vi bed deg: Gjev oss ved din Heilage Ande å kjenna deg, vår rettferds konge og øvsteprest, så vi får del i velgjerningane du vann oss med di liding og din død, og fylgjer etter deg i audmykt og lydnad, til dess vi når fram til det nye Jerusalem som du har gjort ferdig for dine, du som med Faderen lever og råder i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **Skjærtorsdag. Kollekt:**

Herre Jesus Kristus! Vi takkar deg av di du i din store nåde har innsett den heilage nattverden, der du gjev oss din eigen lekam og ditt dyre blod. Vi bed deg: gjev oss din Heilage Ande, så vi ikkje bruker dine gåver uverdig, men sannar syndene våre, og kjem i hug din liding og død til forlating for syndene. Gjev oss dag for dag å gå fram i tru og kjærleik, til vi ein dag sit til borda med alle dine i ditt fullkomne rike, du som med Faderen lever og råder i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **Påsketida:**

### **Påsketida. Allmenn. Kollekt:**

Evige Gud, Far i himmelen. Me takkar deg at du førde Son din opp frå grava. Gjev oss at me får del i hans siger over synd og død og til sist får erva det evigelivet, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår

Herre, som med deg lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**Påskennatt/1. Påskedag.**  
**Kollekt:**

Herre, du levande Gud, Far i himmelen! Vi prisar ditt heilage navn, og takkar deg av di du gav Son din Jesus Kristus i døden for våre synder og reiste han opp til vår rettferdigjering. Vi bed deg: Styr og lei oss ved din Heilage Ande og hald oss oppe i ei sann tru, vakta oss mot alle synder, og vekk oss etter dette livet opp til det evige liv, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**2. Påskedag.**  
**Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen, du som openberra Son din for dei to lærersveinane på vegen til Emmaus, vi bed deg: Opplys òg hjarto våre ved ordet ditt og din Heilage Ande, så vi kan versta sterke og stødige i trua, halda fast på ordet ditt, bruka det rett og gjerne tala om det. Og skal vi, som vår Herre Jesus Kristus, lida mykje vondt her på jorda, så lat oss alltid ha ei fast trøyst av ordet ditt, til vi etter dette livet skal vekkjast opp att til evig liv, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**1. Sundag i Påsketida. Quasi modo geniti.**  
**Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen! Vi takkar deg for din useielege nåde, at du ved Son din, Jesus Kristus, har gjeve di kyrkja det heilage evangeliet og dei høgverdige sakramenta for å trøysta oss og gje oss forlating for syndene. Vi bed deg: Gjev oss din Heilage Ande, så vi av hjarta trur ordet ditt, og dag for dag vert styrkte i trua ved dine heilage sakrament, til dess vi vert evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**2. Sundag i Påsketida. Misericordias Domini.**  
**Kollekt:**

Herre Gud. Far i himmelen, du som i di miskunn har kome i hug oss syndige menneske, og sett din kjære Son til hyrding over oss så han kan fø oss med sitt ord og verja oss mot synda, døden og djevelen, vi bed deg: Gjev oss ved din Heilage Ande å kjenna han, halda oss nær til han, søkja hjelp og trøyst hjå han, og av hjarta fylgia hans røyst, han som kjenner oss og tek seg av oss i vår naud, til dess vi vert evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**3. Sundag i Påsketida. Jubilate.**  
**Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen, du som med ein Fars miskunn held dine barn i age her på jorda, så vi kan vera lik din einborne Son i liding og sidan i herlegdom, vi bed deg: Trøysta oss under kross og trengsel med din Heilage Ande, så vi ikkje sig ned i vonløyse, men stendig lit på Jesu lovnad om at sorga vår varer berre ei lita stund, og så kjem evig glede. Gjev oss i denne vona å vinna over alt med tålmod, og så verta evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**4. Sundag i Påsketida. Cantate.**  
**Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen, du som ved Son din lova å senda Den Heilage Ande, for at han skal vera din Talsmann og gjera det klårt for verda kva synd er, rett er og dom er, vi bed deg: Lys opp hjarto våre så vi sannar syndene våre, og ved trua på Kristus vert evig rettferdige. Gjev oss i all naud og anfektning å

halda fast på den trøysta at Kristus er Herre over djevelen, døden og alle ting, og fria oss frå alt vondt og gjer oss evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **5. Sundag i Påsketida. Rogate.**

#### **Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen, du som ved Son din har gjeve oss barnekår, og lova at du vil gje oss alt det vi bed om i hans namn, vi bed deg: Hald oss fast ved ordet ditt, og gjev oss din Heilage Ande, så han kan styra og leia hjarto våre etter din vilje, vakta oss mot djevelens åtak, falsk lærdom og rang gudsdyrkning. Vara lekam og liv frå ulukke, og gjev oss velsigning og fred, så vi i alle ting får kjenna di nådige hjelp og lovar og prisar deg som vår himmelske Far først her i tida og siden i all æva, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg lever og råder i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **Helgetorsdag.**

#### **Kollekt:**

Herre Jesus Kristus, du allmektige Guds Son, som ikkje lenger er fattig og arm her på jorda, men sit ved Faderens høgre hand og er Herre over alle ting, vi bed deg: Send oss din Heilage Ande, og gjev din kirke gudlege tenrarar. Vak over ordet ditt, hald Satan og alle valdsmenn i taumar, og hald med ditt velde ditt rike oppe på jorda, til dess alle dine fiendar ligg under føtene dine, du som med Faderen lever og råder i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **6. Sundag i Påsketida. Exaudi.**

#### **Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen! Vi takkar deg av di du ved din Heilage Ande har sett oss til å vitna om Son din, vår kjære Herre Jesus Kristus. Siden verda ikkje kan tola dette vitnemålet, men alltid står imot det, bed vi deg at du vil gje oss frimod og trøyst, så vi ikkje styggjест av krossen, men held fast ved vitnemålet, og alltid er mellom dei som kjenner deg og Son din, til dess vi vert evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **Pinsetida:**

#### **Pinsetida, allmenn:**

### **1. Pinsedag. Kvitsunn.**

#### **Kollekt:**

Herre Jesus Kristus, du allmektige Guds Son! Vi prisar ditt heilage navn, du som let Andens eld koma over apostlane og gjorde deg eit folk av alle ætter og tungemål. Vi bed deg: Gjev oss ved ditt bord Den Heilage Ande i hjarto våre, så han kan styra og leia oss etter din vilje, trøysta oss i all naud og freistung, rettleia oss i din sanning, og vakta oss mot all villfaring. Gjer oss støe i trua, før oss fram i kjærleik og alle gode gjerningar, og lat oss verta evig sæle i ei fast von til den nåde du har vunne oss ved di liding og død, du som med Faderen lever og råder i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **2. Pinsedag.**

#### **Kollekt:**

#### *Anten*

Herre Gud, Far i himmelen, du som med ein Fars kjærleik til oss arme syndrarar har gjeve oss din einborne Son for at vi skal tru på han og verta frelse, vi bed deg: Gjev din Heilage Ande i hjarto våre, så vi vert støe i trua heilt til enden, og så vert evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æve og til æve.

*eller*

Evige Gud, Far i himmelen, du som gav apostlane Den Heilage Ande, gjev oss den same Ande, så me kan tilbe og tena deg i ånd og sanning. Sjå i nåde til di kristne kyrkja, gjev henne di kraft og din fred, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**Treeiningstida, allmenn I  
Kollekt:**

Evige Gud, Fader, Son og Heilage Ande. Vi lovar og prisar deg av di du har openberra deg for oss små og veike menneske. Me bed deg, heilage trieinige Gud: Hald oss fast i trua på deg, du som lever og råder, ein sann Gud frå æva og til æva.

**Treeiningstida, allmenn II  
Kollekt:**

Evige Gud, Far i himmelen, du som etter ditt ord og din lovnad aldri går ifrå dine born på jorda, me bed deg: Gjev oss å ottast og elska deg over alle ting og lita fullt og fast på deg, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**Den Heilage Trieiningssundag.  
Kollekt:**

Heilage Gud, Far i himmelen! Du har ved Son din, Jesus Kristus, sagt oss at det som er født av kjøt er kjøt, og ikkje kan sjå ditt rike. Vi sannar at det ikkje bur noko godt i vårt kjøt, og at vi av oss sjølve går til grunne i synd og evig død. Difor bed vi: Send din Heilage Ande i hjarto våre og gjer nye menneske av oss for Jesu Kristi skuld, så vi fullt og fast trur forlating for syndene, som vart gjeve oss i dåpen, og lat oss dag for dag veksa i kjærleik til nesten og i all god gjerning, til dess vi vert evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus; vår Herre, som med deg lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**2. Sundag i Treeiningstida.  
Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen, du som ved din Heilage Ande vil vekkja opp og styra hjarto våre, vi bed deg: Gjev at vi ikkje, som den rike mannen hører ordet ditt utan frukt, og for dei timelege ting gløymer dei evige. Vekk og styr hjarto våre ved din Heilage Ande, så vi friviljug og gavmildt hjelper fattige, ikkje lever i hovmod og vellivnad, eller vert motlause under kross og ulukke, men set all vår lit til din evige nåde og di hjelp, og vinn over alt med tålmod, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æve og til æve.

**3. Sundag i Treeiningstida.  
Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen! Vi takkar deg av di du ved ditt Heilage ord har kalla oss til det evige livs måltid. Vi bed deg: Vekk opp hjarto våre ved din Heilage Ande, så vi ikkje hører ordet ditt til fånyttes og let noko i denne verda hindra oss, men fylgjer ditt nådige kall og kjem til ditt gjestebod, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**4. Sundag i Treeiningstida.  
Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen! Vi er alle som villfarande sauar, og har late Satan og vårt eige syndige kjøt føra oss bort fra den rette vegen. Vi bed deg: Vær oss nådig og forlat oss alle våre synder for Son din, Jesu Kristi, skuld. Vekk opp hjarto våre ved din Heilage Ande, så vi held fast ved ordet ditt, og med rett anger og stødig tru vert verande i di kristne kyrkje alt til endes, og så vert evig sæle, ved din kjære Son,

Jesus Kristus, vår Herre, som med deg og Den Heilage Ande lever og råder, ein sann Gud frå æva og til æva.

**5. Sundag i Treeiningstida. Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen, du som er barmhjertig, og ved Jesus Kristus har lova at du ikkje vil fordøma oss, men nådig forlata alle syndene våre og gje oss det vi treng til lekam og sjel, vi bed deg at du ved din Heilage Ande vil gjere trua på di miskunn viss og fast i hjarto våre. Lær oss å vere miskunnsame mot vår neste, så vi ikkje fordømmer nokon, men tilgjev kvar og ein, ikkje forsømer nokon, men heller dørmer oss sjølve, og så vert evig sæle i otte for deg, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**6. Sundag i Treeiningstida. Aposteldagen. Kollekt:**

Herre, du levande og trufaste Gud! Vi lovar og prisar ditt Heilage navn av di du har gjeve oss din egen Son som vårt frelsefjell, og ved ordet om han byggjer di kyrkle på apostel-og profetgrunnvollen. Vi bed deg: Driv arbeidarar ut til di haustvinne, hold tenarane dine fast ved ditt ord, og gje dei å forkynna det klårt og reint, til tukt og til trøyst. Gjev folket ditt øyro til å høre din røyst, og frels oss frå trass mot ordet, så ljoset ditt ikkje må takast frå oss, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**7. Sundag i Treeiningstida. Kollekt:**

Heilage Gud, Far i himmelen! Vi sannar at vi er arme og hjelpelause syndarar, og at det ikkje er noko godt i vårt kjøt. For både hjarto og natur er så forgifta av synda, at vi her i verda ikkje kan vera utan den vonde hug i hjarta. Derfor bed vi deg, kjære Far, for Jesu Kristi skuld: Tilrekna oss ikkje våre misgjerningar. Reinsa hjarto våre ved din Heilage Ande, så vi får hug og kjærleik til ditt ord, lever etter det, og vert evig sæle av din nåde, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**8. Sundag i Treeiningstida. Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen, du som ved Son din rikelig metta dei mange tusen i øydemarka, vi bed deg: Vær nådig her hjå oss med di velsigning. Vara oss for gjerrigskap og verdslege suter, og gjev at vi først sokjer ditt rike og di rettferd, og kan kjenna di faderlige hjelp i alt vi treng til lekam og sjel, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**9. Sundag i Treeiningstida. (endra) Kollekt:**

Heilage Gud, Far i himmelen! Vi takkar deg av hjarta av di du har latt oss kjenna ditt heilage ord. Vi bed deg at du nådig vil halda oss i nåde fast ved Ordet, så vi frimodig sannar det til vår siste dag. Send oss biskopar, prestar, diaconar og forkynnurar som lærer folket med truskap, og vara dem for usømd og alt vondt. Vakta di arme kyrkja mot vrang lærdom og hindra deira gjerning som forfalskar ditt ord, så di sanne kristne kyrkja framleis må stå grunnfesta mellom oss, og stå mot alle falske hyrdingar, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**10. Sundag i Treeiningstida. (endra) Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen, du som velsignar arbeidet vårt, og gjev oss vårt daglege brød, meir enn vi kan skjøna, vi bed deg: Vara oss for grådigskap, og vekk opp hjarto våre, så vi villig deler av din velsigning med dei fattige, du kan finna oss som trugne forvaltarar av dine gåver, og vi ikkje vert stående utan din evige nåde når du løyser oss frå dette hushaldet og vi kjem for din dom, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**11. Sundag i Treeiningstida.  
Kollekt:**

Allmektige, evige Gud! Vi lovar og prisar deg av di du ved din Heilage Ande har openberra oss ordet om din kjære Son, Jesus Kristus. Vi bed deg: Vekk opp hjarto våre, så vi med alvor tek ordet til oss, og ikkje hører det i vantru og vert utan frukt liksom ditt folk Israel. Gjev oss å leva i otte for deg, dagleg veksa i trua på din miskunn, og så til sist verta evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**12. Sundag i Treeiningstida. (endra)  
Kollekt:**

Heilage Gud, Far i himmelen! Vi bed deg at du vil styre hjarto våre slik ved din Heilage Ande at vi ikkje gløymer syndene våre og set oss sjølve høgt. Men gjev oss ein rett anger og ei dagleg omvending, og lat oss eiga den trøyst at du for din kjære Sons skuld vil være oss nådig, forlata syndene våre, og gjera oss evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg og Den Heilage Ande lever og råder, ein sann Gud frå æva og til æva.

**13. Sundag i Treeiningstida.  
Kollekt:**

Allmektige, evige Gud! du som har skapt alle ting, vi takkar deg av di du har gjeve oss liv og helse, og nådig varer oss mot skade, fære og den onde fiende. Vi bed deg: Sjå i nåde til oss, så vi med øyro våre trutt hører ordet ditt og tek det til hjarto, og med tunga vår prisar og høglovar di miskunn, så talen vår ikkje støyter nokon, men er deg til ære og vår neste til gagn, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg og Den Heilage Ande lever og råder, ein sann Gud frå æva og til æva.

**14. Sundag i Treeiningstida.  
Kollekt:**

Miskunnsame Gud, Far i himmelen! Vi takkar deg av hjarta av di du har latt oss leve i denne sæle tid, da vi kan høyra ditt heilage evangelium, kjenna din vilje, og sjå Son din, Jesus Kristus. Vi bed deg for di store miskunn at du vil lata oss få ha ljuset av ditt heilage ord. Styr hjarto våre ved din Heilage Ande, så vi aldri fell frå Ordet, men held fast ved det inntil vi vert evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg og Den Heilage Ande lever og råder, ein sann Gud frå æva og til æva.

**15. Sundag i Treeiningstida. (endra)  
Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen! Du har berga oss som trur frå synda si ureine og tunge plage ved ditt sæle ord og det heilage dåpssakramentet. Gjev oss dagleg din nådige hjelp i alt vi treng. Vi bed deg: Vekk opp hjarto våre ved din Heilage Ande, så vi aldri gløymer dine velgjerningar, men støtt lever i otte for deg og i ei fast tru på din miskunn alltid lovar og prisar deg av takksame hjarto, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg og Den Heilage Ande lever og råder, ein sann Gud frå æva og til æva.

**16. Sundag i Treeiningstida.  
Kollekt:**

Allmektige Gud, Far i himmelen! Vi takkar deg for alle dine velgjerningar imot oss, du som har gjeve oss livet og nådig halde oss oppe til denne dag. Vi bed deg: Ta ikkje din velsigning frå oss, men vakta oss frå gjerrigskap, så vi ikkje tenar Mammon og øydelegg sjela med avgudsdyrking. Gjev oss å elska og tena einaste deg og vera fast hjå deg i tillit til din nåde, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, en sann Gud frå æva og til æva.

**17. Sundag i Treeiningstida.  
Kollekt:**

Herre, du levande Gud og Far! Vi takkar deg av di du har late din einborne Son verta menneske, for at han med sin død skulle gjea opp for våre synder, og med sitt liv frelsa oss frå den evige døden. Du som med eit ord skapte liv av døde, vi bed deg: gjer den vona fast i hjarto våre at du vil vekkja oss opp på den siste dagen og gjere oss evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**18. Sundag i Treeiningstida.  
Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen! Vi takkar deg for kviletdagen som du har sett til samlingsdag for di kyrkje på jorda. Vi bed deg: Gjev oss din Heilage Ande i hjarto våre, så vi stendig søker ditt hus og hører ditt ordet, og slik held en heilag sundag saman med kyrkjelyden. Styr og leid oss ved din Ande, så vi ikkje opphögjer oss sjølve, men audmykt lever i din otte og set all vår lit til Son din, Jesus Kristus, han som åleine er vår rettferd og forløysing. Vara oss for menneskebod og lovtrældom, så vi rettarlivet vårt etter ditt ord, og ein gong går inn til den evige kvila, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**19. Sundag i Treeiningstida.  
Kollekt:**

Heilage Gud, Far i himmelen! Du har openberra di heilage lov og avsløra oss som arme og fortapte syndarar for deg. Din vilje kjennar vi, men maktar ikkje å leva etter han på grunn av vårt kjøt og den vonde freistaren vil heller ikkje lata oss i fred. Vi bed deg: Gjev oss din Heilage Ande i hjarto våre, så vi i ei sann tru held oss nær til din Son, Jesus Kristus, og trøystar oss til hans liding og død. Gjev oss å vandre i ein heilag livnad til dess vi, ved din nåde, dører sæle bort frå denne verda, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**20. Sundag i Treeiningstida.  
Kollekt:**

Allmektige, miskunnsame Gud, du som ved Son din Jesus Kristus let lame gå og blinde sjå, og dagleg hjelper oss til lekam og sjel, vi bed deg: Ver nådig mot oss og, tilgjev oss alle våre synder, og ver hjå oss i sjukdom og naud med lækjedom og trøyst. Styr hjarto våre ved ditt ord og din Ande, så vi ikkje gjev årsak til sjukdom eller anna ulukke. Vara oss i otte for deg, så vi av nåde vert frelest frå din vreide og di straff både her i tida og siden i all æve, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**21. Sundag i Treeiningstida.(Endra)  
Kollekt:**

Allmektige Gud, Far i himmelen! Vi takkar deg av di du har innsett det heilage ekteskapet sitt mysterium, og der gjev oss ein velsigna heim og varer oss mot sedløyse. Vi bed deg: Gjev alle ektefolk otte for deg, så dei ikkje lever i vreide og strid, men i kjærleik og fred, og hjelper kvarandre fram mot det evige liv. Gjev oss å oppdra våre born etter din vilje, ferdast for di åsyn i ein rein og heilag livnad, og vara oss gjennom all naud og freistung, til vi ein gong går inn til bryllaupsmåltidet åt Lammet, ved

din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**22. Sundag i Treeiningstida.**  
**Kollekt:**

Miskunnsame Gud, Far i himmelen, du som ved Son din Jesus Kristus har grunna eit nåderike for oss her i di heilage kristne kyrkja, og openberra for umyndige det du har løynt for vise og vituge, vi bed deg: Forlat oss nådig alle våre synder, gjev sjelene våre kvila hjå Son din, og etter vår stutte tid her på jorda verta evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.(Denne bøna stammar frå 26 s e trieining med Matt 11 som hovudtekst. No samsvarar ho ikkje heilt med tekstane og burde skrivast om i samsvar med dei.)

**Bots- og Bønedagen.**  
**Kollekt:**

Miskunnsame Gud, Far i himmelen, du som tilgjev synd, og syner miskunn mot alle som kaller på deg av et angerfullt hjata, vi bed deg, kjære Far: Forlat oss alle misgjerningane våre for Jesu Kristi skuld, og gjev oss din nåde, så vi legg av all urettferd og vender om til deg av eit heilt hjarta. Gjev at vi ved Son din må leva i tru og lydnad, og ved din Ande bera dei rette omvendings frukter, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**Helgemessesundagen.**  
**Kollekt:**

Allmektige, evige Gud, du som helgar alle dei du har valt deg ut ved din kjære Son, Jesus Kristus, og fullfører di gjerning i dei, vi bed deg: Gjev oss ved din Heilage Ande å bera rikeleg frukt for deg, så vi kan følgja etter dine heilage i tru, von og kjærleik, og så med dei verta evig sæle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**23. Sundag i Treeiningstida.**  
**Kollekt:**

Heilage Gud, Far i himmelen! Vi sannar at vi er fortapte syndarar som står i djup skuld til deg. Men vi takkar deg av hjarta av di du har teke all vår skuld frå oss og lagt på din kjære Son, Jesus Kristus. Vi bed deg: Hald oss oppe i trua på han, og styr hjarto våre ved din Heilage Ande, så vi lever etter din vilje og elskar og tenar vår neste. Løys oss frå vreide og hemntankar, så vi ikkje fører vreide over oss, men får kjenna deg som vår nådige Far, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**24. Sundag i Treeiningstida.**  
**Kollekt:**

Allmektige Gud, Far i himmelen! Vi takkar deg som gjev oss fred i landet, og varar oss fra krig og framandt herreveld. Vi bed deg: Sjå i nåde til dei som lever i naud og ufridom. Gjev at vi kan leva i otte for deg og etter din vilje, så vi ikkje vert årsak til ufred og annan straffedom. Lei og råd styresmaktene våre, så dei ikkje hindrar den lydnaden vi som folk skuldar deg, men fremjar alt som er rett og godt i dine augo, og slik lever under di velsigning, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

**25. Sundag i Treeiningstida.**  
**Kollekt:**

Allmektige, evige Gud, du som ved Son din har lova oss forlating for syndene og frelse frå dødens makt, vi bed deg: Styrk oss ved din Heilage Ande, så vi dagleg veks i trua på din nåde i Kristus, og har den faste von at vi, når vi går ut av dette livet, ikkje skal døy, men sovna inn i fred for å vera heime hjå Herren, og på den siste dagen vekkjast opp att til det evige liv, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

## **26. Sundag i Treeiningstida.**

**Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen! Vi takkar deg som ved ditt ord har opna veg for oss ut or lovtredoms myrker og inn i ditt nådeljos. Vi bed deg: Tak ikkje dette ljuset frå oss, men vara oss i nåde fra all forføring og villfaring. Gjev at vi tek imot ordet ditt av eit heilt hjarta og rettar oss etter det, vaker og bed, og set all vår lit til din nåde og din Sons dyre forløsing, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.(Denne bøna stammar frå 25 s e trieining. No samsvarar ho ikkje med tekstane og burde skrivast om i samsvar med dei.)

## **27. Sundag i Treeiningstida.**

**Kollekt:**

Allmektige, evige Gud! Vi lovar og prisar deg som ved Jesu død har grunnfest ditt rike på jorda og ved det heilage evangeliet breier ut hans herrevelde. Vi bed deg: Send ut din Ande og hald oss fast i trua på Jesus. Fullfør din gjerning for oss til du har lagt alle ting under hans føter, og du vert alt i alle, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

## **Siste sundag i Kirkeåret. Domssundag. Kristi Kongefest.**

**Kollekt:**

Heilage, allmektige Gud! Vi takkar deg av di du har opphøgd din einborne Son, vår Frelsar, og sett han ved din høgre hand, til konge og domar over levande og døde. Vi sannar for deg at vi er uverdige tenrarar, for ingen som lever, er rettferdige for di åsyn. Vi bed deg: Herre, stryk ut våre brot, og lær oss ved din Heilage Ande å vaka og be, så vi ikkje må falle i svevn eller verta utan trua sine frukter. Gjev oss ei sann tru på Son din, så vi kan ha frimod på domedag, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

## **1. mai/17.mai.**

**Kollekt:**

Herre Gud, Far i himmelen! Du har skapt himmel og jord og held oppe alle ting ved ditt allmaks ord. Vi takkar deg og sannar at vi er ringare enn all den miskunn du har synt oss. Vi bed deg: Bygg landet vårt i rettferd og fred, og gjev styresmaktene våre å fremja din gode vilje. Reis deg, Herre, og løys dei trelka or tvang, gjev fangar fridom, og hindra valdsmenn i all deira ferd. Gjev folket vårt otte for deg og age for ditt ord, så vi kan leva til di æra og til gagn for nesten, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

## **Ymse kollektar:**

### **Ved skule/barne og familiegudstenester. Allmenn.**

Kjære Gud Fader i himmelen! Vi takkar deg for du tok oss til dine born i dåpens sakrament og let oss veksa opp i di kristne kyrkja og få høyra ordet ditt og læra å kjenna deg, vår kjære Fader, og din Son, Jesus Kristus, vår Frelsar. Vi bed deg, gjev oss din Heilage Ande, så me kan gøyma ordet ditt i gode hjarto og leva etter det, venda oss frå alt vontt og vera gode og kjærlege mot kvarandre liksom du er

god imot oss, og til slutt samlast hjå deg i himmelen, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **Misjonskollektar:**

#### **For Israel og Israelsmisjonen.**

Abraham, Isaks og Jakobs Gud, vår Herre Jesu Kristi Far! Vi lovar og prisar deg for dei store og herlege løfte du har gjeve folket ditt Israel. Vi takkar deg for at du har berga dette folket gjennom alle tider, og bed om at du må gi det ei framtid i fridom og fred. Du som ikkje angrar nådegåvane dine og utveljinga di; Kom i hug løftet ditt til fedrane og lei Israels folk til tru, så dei kan sjå og kjenna at Jesus er Messias. Velsign tenesta for evangeliet blant det jødiske folket. Styrk dei som sannar Jesusnamnet og oppreis nye vitne av Israels eiga ætt. Tilgjev at vi så lite har makta å vitna for dei om kjærleiken din i Jesus Kristus. Vekk kyrkja vår til fornya ansvar for jødane. Miskunn deg over folket ditt for Jesu Kristi skuld! Miskunn deg over alle!

**DEN NORSKE ISRAELSMISJON, SOM VED UTGJEVINGA SA AT DENNE OG DEN FØLGJANDE BÖNA HÖVDE BEST SOM EKSTRA KOLLEKT I FORLENGING AV KYRKJEBÖNA.**

*Eller*

Heilage Gud, himmelske Far! Du som i Sonen din Jesus Kristus brakte ein dag med frelse til Israel og folkesлага: Vi takkar deg for at folket vårt som ein gong var utan von og utan Gud i verda, har fått del i den velsigninga som var lova Abraham og ætta hans til evig tid. Vi bed deg audmjukt: Sjå i nåde til det folket du frå først av gav dine løfte, og lat dei få kjenna evangeliet si frelsande kraft. Vi bed om fred over Israel, og ser med von fram til den dagen den truande kyrkjelyden av alle folk og tungemål tek imot Son din Jesus Kristus når han kjem i herlegdom. Han er Konge over kongane og Herre over herrane; Han vere ære i all æve.

**DEN NORSKE ISRAELSMISJON, SJÅ BÖNA OVER**

*Eller*

Rettferdige og miskunnsame Gud! Din plan og di utveljing med ditt folk står ved lag, og den er ikkje avhengig av menneskegjerningar, men berre av deg som kallar. Du gjer miskunn mot den du vil og forherdar kven du vil. Men i din ufattelege nåde har det vorte att ein rest av Israel som du har valt deg ut, og ved din miskunn skal ein dag heile Israel verta frelst. Vi bed deg, tak bort sveipet frå augo på folket ditt, så dei med tru kan sjå opp til han som vart gjennomstunge, og saman med oss nå det som var lova til Abraham, Isak og Jakob, ved Jesus Kristus, din kjære Son, vår Herre! Amen.

**ETTER ALTARBOKA 1920,  
HER REVIDERT.**

#### **For heidningefolka og heidningemisjonen.**

Herre Gud, Far i himmelen! Du som vil at alle menneske skal verta frelste og koma til å kjenna sanninga, vi bed deg, send dine vitne ut til heimsens endar, og lat dei forkynna di frelsa for alle dei som sit i mørker og dødsskugge, så dei som ikkje kjenner deg kan læra å prisa ditt navn og ferdast saman med alle som trur på deg i ditt ljos, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med Den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva.

### **For folket vårt og misjonen i Norge:**

Miskunnsame Gud, vår Herre Jesu Kristi Far! Du vil ikkje at nokon syndar skal døy, men omvenda seg og leva. No bed me deg, sjå i nåde til nauda hjå ditt kristenfolk, leita opp dei bortkomne, før heim att dei som er drivne bort, bind om det sundbrotne, styrk dei veike, til pris og æra for ditt heilage namn. Hjelp oss alle å kjenna kallet for våre landsmenn. Styr og leid med din Heilage Ande alle som arbeider for ditt rike mellom oss. Gjev visdom og kraft til dei som går ut med ditt Ord, så det kan bera rik frukt til omvending og nytt liv. Det bed vi deg om, ved Jesus Kristus, din kjære Son, vår Herre! Amen.

### **Takkekollektar:**

#### **Takkekollekt for nattverden.**

Vi takkar deg, Herre, allmektige, evige Gud, for du har kveikt oss med dine sære gåver. No bed me deg at du med desse gåvene dine vil styrkja vår tru på deg, og gjera kjærleiken brennande oss imellom, og stadfesta i oss vona om eit evig liv, for Son din, Jesu Kristi vår Herre skuld! Amen.

**TAKKEKOLLEKT FOR NATTVERDEN,  
HØGMESSA 1920.**

### **Takkekollekt for ordet, I**

Herre Gud, Far i himmelen! Vi takkar deg for di faderlege velgjerning, at du av din store nåde og miskunn har gjeve oss ditt heilage ord, og med det samlar di kristne kyrkje her hjå oss og. Vi bed deg: Send oss din Heilage Ande, så vi med takksame hjarto må ta ordet ditt til oss og skikka oss etter det, og alltid veksa i kristeleg tru og von og kjærleik, og så verta evig sære, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med den Heilage Ande, ein sann Gud frå æve til æve!

**TAKKEKOLLEKT FOR ORDET,  
HØGMESSA 1920.**

### **Takkekollekt for ordet, II**

Herre Gud, himmelske Far. Vi takkar deg av hjartans grunn for at du har late oss leva i denne sære tida, då vi kan høyra ditt heilage evangelium og kjenna din faderlege vilje. Vi bed deg for di store miskunn at du vil lata oss få ha ljuset av ditt ord, og styra hjarto våre så med din Heilage Ande, at vi aldri må falla frå ordet ditt, men halda fast på det, og til slutt verta sære, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre.

**TAKKEKOLLEKT FOR ORDET,  
HØGMESSA 1920.**

### **Takkekollekt i fastetida og på langfredag. "Fastekollekten."**

Vi takkar deg, Gud Fader, for du har gjeve oss din einborne Son, Jesus Kristus, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv. Me takkar deg, Jesus Kristus, for du har bore alle våre synder på din heilage lekam og med ditt blod sletta ut alle våre misgjerningar. Me takkar deg, du heilage Ande, for du har gjeve oss den trua i hjarto våre, at den krossfeste og oppstandne Jesus Kristus er vår einaste berjing og frelse. Å Gud, gjev oss din nåde, så me trur fullt og fast at alle våre synder er oss tilgjevne for Jesu Kristi liding og død skuld, og opplys oss så med din gode Heilage Ande, at me dagleg kan stå imot synd og freistigning, legge av alle synder ved krafta frå Jesu død, og aldri slepper Jesus or hjarto våre, til dess me ser han åsyn til åsyn i det evige liv. Det bed me alle i vår Herre Jesu namn. Amen.

**FASTEKOLLEKTN,  
HØGMESSA 1920/1983.**

### **Bededagskollekten.**

Allmektige, evige Gud! Du har lova borna dine, at om syndene deira var raude som blod, så skal dei verta kvite som snø, og dersom dei vil lyda deg, så skal dei mettast med velsigning. Vi bed deg, nådige Far, gjev oss din Heilage Ande, så me kan leggja av det vonde og gjera det gode. Lat ikkje din rettferdige vreide koma over oss, men frels oss frå all naud og fåre, og gjev at me kann bruka dine gåver og velgjerningar til lov og æra for deg, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre! Amen.

**BEDEDAGSKOLLEKTN,  
ALTARBOKA 1920.**

### **Andre kollektar:**

#### **For dei som ferdast og arbeider på havet. Stella Maris.**

Evige, allmektige Gud! Du som stiller stormen og bryt deg veg gjennom bølgjene, vi bed deg, sjå i nåde til dei som ferdast og arbeider på havet og frels dei ut or alle fårar og freistigar på sjø og land med dine heilage englar. Styr dei på livsferda i storm og i stilla med ljuset frå morgonstjerna Kristus, og lat ditt sære evangelium om frelsa frå synd, død, djævel og vona om evig liv lysa for dei kvar dei fer, og leia dei til havsens stjerna, trua si trygge hamn, som er kyrkja, vår mor. Drag hjarto deira til heimen her på

jorda og til den evige heimen i himmelen, der du av din store nåde vil samla oss alle når alle stormar

stilnar og vår siste strid er slutt, for Jesu Kristi vår Herre skuld! Amen.

ETTER "FOR SJØFOLK OG FISKARAR."

ALTARBOKA 1920.

### For lagleg vér.

Herre Gud, Far i himmelen! Du som er god og miskunnsam og har lova å høyra oss når vi kallar på deg i vår naud, me bed deg, sjå ikkje på syndene våre, men på vår store trong og på di store miskunn, og gje oss av nåde godt og lagleg vér til arbeidet vårt. Lat ikkje uår og dyrtid koma over landet vårt, men vara grøda på marka, og velsigna vårt arbeid og vår ferd på land, sjø og i lufta, og gje oss dagleg brød, og kjenna at du er vår nådige Gud og Far, brukा gavene dine rett, og takka deg for alle dine velgjerningar, ved Jesus Kristus, din Son, vår Herre! Amen.

### For fred.

*Anten*

Allmektige, evige Gud! Du som einast kan frelsa folka frå syndene deira og gje dei fred, vi bed deg, sjå ikkje på vår utakksemd og havesykja, vår hug til å vera dei største sjølv, og alle andre synder som valdar ufred og strid, men tilgjev oss og frels oss frå dei i nåde! Gjev fred på jorda, og hjelp di kyrkja til å arbeida for fred mellom folka! Verna folket vårt og heimane våre mot krig og usemje. Og lat oss få bu og byggja fritt og fredeleg i vårt kjære fedreland Norge som du har gjeve oss, så me må tena deg med truskap og vera til velsigning for kvarandre, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre! Amen.

UM FRED,  
ALTARBOKA 1920.

*Eller*

Allmektige, evige Gud! Du som er kjelda til all åndeleg og timeleg fred. Vi bed deg audmjukt at du av din godleik vil gje oss den freden som verda ikkje kan gje, så me kan leva etter dine bod og i otte for deg og verta frelse frå alle redsler og færer, ved Jesus Kristus, din kjære Son, vår Herre! Amen.

UM FRED II,  
ALTARBOKA 1920.  
*Eller*

Allmektige, evige Gud! Du som kan leia og bøya menneskehjarto, vi bed deg: Hjelp og styrk alle dei som i dag har det store ansvaret for freden i verda. Tak i di mektige hand dei som leider nasjonane, vend hjarto deira til deg, og gje dei kraft i striden mot alt som vil forføra oss til det som vondt er. Gjev fred på jorda, og hjelp di kyrkje til å fremja freden mellom folka. Verna folket vårt og heimane våre mot krig og usemje. Og lat oss få bu og byggja fritt og fredeleg i vårt kjære fedreland Norge som du har gjeve oss. Hjelp oss at me må tena deg med truskap og stå fast i striden mot det vonde saman med alle folk på jorda, ved din kjære Son, Jesus Kristus, vår Herre! Amen.

NY KOLLEKT FOR FRED AV 1949. RUBRIKKANE TIL DEI TRE FREDSBÖNENE I ALTARBOKA 1920 MÅ KUNNE SAMLAST  
SLIK: DESSE KOLLEKTANE KAN EIN BRUKA I STADEN FOR(KOLLEKTEN FOR ORDET)FASTEKOLLEKTEN VED  
VANLEGE GUDSTENESTER NÅR DET ER GRUNN TIL DET. EIN KAN OG BE DENNE BÖNA FRÅ PREIKESTOLEN...ETTER  
DET VESLE GLORIA. PRESTEN KAN SEIA TIL INNLEIING: LAT OSS BE KYRKJA SI FREDSBÖN.

### 4 Liturgiske Songar<sup>11</sup>

#### 5 "Den store lovsongen": Agende for Den Heilage Messa for kyrkjelyd.

Sjá

<http://www.stellamaris.no/euky.htm>

<sup>11</sup> Kjem etterkvart.

## **Vegleiing om bruk av KYRKJEKLOKKENE i ...prestegjeld.**

**1 Kyrkjeverja**  
**er ansvarleg for at dei følgjande føreseggnene vert følgde i praksis, medan kyrkjetenarar og kyrkjegardsarbeidrarar står for deira praktiske utføring.**

**2 Kyrkjeklokken er utvikla i den kristne kyrkja for å fylla desse funksjonane:**

- *å forkynna Guds ære-peika oppetter på same måten som kyrkjetårnet og kyrkjespiret gjer det;*
  - *å samla Guds folk til gudsteneste;*
  - *å kalla Guds folk til bøn og forbøn;*
  - *å minna om det evige livs mål hjå Gud i himmelen.*

**Les i Guds Ord:**  
**Sal.84,2-8;11a**  
**Sal.95,1-7**  
**Sal.150**  
**1.Kor.13,1**

**3 Måten ein skal bruka klokkene på:**

**Ringing:** Sjølv klokka og kolven svinger på akselen.

**Kiming:** Ein slår i rask takt manuelt med kolven mot slag-ringen i klokka, eller ved ringemaskin. Ein må aldri kima før ein først har ringt.  
(Ved sivil bruk vert kyrkjeverja varsle av Fylkesmann/Sivilforsvar. Kyrkjeveja varslar Kyrkjetenarar.)

**Klemting:** Ein slår i langsam takt med kolven mot slag-ringen i klokka.

Når fleire klokker skal ringjast samstundes, tek ein til med den minste, deretter med den nest minste osb.

**4 Ringing til Hovudgudstenesta:**

Her nyttast to føreringar, til vanleg med den største klokka, kvar gong i om lag 5 minutt, kl. 10.00 og 10.30.

Samanringing, med begge klokkene, kl.1055, i om lag 5 minutt.Denne ringinga kan slutta med tre klemt, helst med den største klokka.

Dei 3 gonger 3 klemta (Bøneslaga) til slutt, i tre skilde grupper, og helst med den største klokka.

**5 Ringing til andre gudstenester på søn-og helgedagar:**

Føreringing ei halvtime før gudstenesta tar til, til vanleg med den største klokka, i om lag 5 minutt.

Samanringing-sjå foran.

**Ringing til gudstenester på Langfredag og Bots-og Bønedagen.**

Her nyttar ein same ringeskikk ved gravferd.

## **6 På alle høgtidsdagane til jul, påske og pinse:**

Det skal kimast til Høgmesse like etter første og andre føreringa og før samanringinga. Sjå vegleiing, eller Gudstenesteboka, II, s.263.

På ein høgtidaftan, dvs. på julaftan, påskeaftan og pinseaftan, skal det ringjast i om lag 5 minutt og kimast i omlag 5 minutt avvekslande og med ein pause imellom på 1-2 minutt i til saman ein time, til vanleg mellom kl.17 og 18.

### **Til gudstenester på kvardagar i veka:**

Føreringing ei halvtime før gudstenesta tar til, til vanleg med den største klokka, i om lag 5 minutt.

Samanringing-sjå foran.

## **7 Ved dei kyrkjelege handlingane:**

### **Konfirmasjon**

Det kan ringjast med alle klokkene under prosesjonen, ellers som ved hovudgudstenesta.

### **Vigsle**

Det kan ringjast i om lag 5 minutt før, og om mogleg etter handlinga.

### **Gravferd**

Det vert klemta i om lag 5 minutt før samanringinga, begge delar med den største klokka.

Det vert klemta medan følgjet går til grava. Om tilhøva gjer det mogleg, kan ein også slå 3 gonger 3 slag ved slutten av handlinga.

### **Ordinasjons-og vigslingshandlingar**

Det vert ringt med alle klokkene under inngangsprosesjonen, eller det kan kimast. Ellers som ved hovudgudsteneste.

## **8 Ved Kyrkjekonsertar o.l.:**

Det vert ringt saman med ei klokke, dersom konserten har klare liturgiske element, som tekstlesing, tale, bøn, salmesong, o.l.

"Å, du Guds apostelskare,  
hvilken kjær og salig stund  
da med sang du fikk besvare  
sang av Jesu egen munn,  
i et stort Halleluja  
prise Gud for frelse fra  
hint Egyptens tunge plager  
og for Kanaans frydedager."  
(Kingo, NoS 142, v.3)



**Soknepresten i Øygarden**  
**Postboks 144, 5331 Rong**  
**TLF: 56 38 22 44 Mobil: 950 67890**  
**svennam@hotmail.com**

